

Vaksdal kommune

Økonomiplan 2015-2018

Budsjett 2015



Rådmann sitt framlegg til Økonomiplan for 2015-2018 og budsjett for 2015

## Innhold

Rådmann sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2015 -2018 .....	3
Statsbudsjettet 2015 – Kommuneøkonomi .....	7
Del 1 – Økonomiplan 2015 – 2018 .....	9
Økonomi.....	10
Utfordringar i planperioden .....	11
Inntekter.....	14
Utgifter .....	18
Investeringar.....	19
Drifta i planperioden .....	23
Strategiske val og endringar i drifta i økonomiplanen .....	25
Organisasjonen og kommunen som tenesteytar .....	27
Tenesteområda i planperioden .....	30
Del 2 - Budsjett 2015 .....	36
Vedlegg 1. Tenesteområde og einingar.....	37
Vedlegg 2. Kostra – Kommunebarometer.....	52
Vedlegg 3: Folketalsutvikling.....	56

## Rådmann sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2015 -2018

## Forord frå rådmann

Rådmannen legg med dette fram framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015 - 2018. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2014– 2017 og politiske vedtak, informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Folketalsutvikling og reduksjon i inntektene er hovudutfordringane for perioden.

Prognosar for folketalsutviklinga viser at det blir færre barn og færre eldre og behovet for kommunale tenester vil bli redusert. Den kommunale organisasjonen vil måtte tilpasse seg denne utviklinga. Samstundes skal kvaliteten på tenestene vedlikehaldast og utviklast og fokuset på førebygging og samfunnsutvikling styrkast.

Inntektene blir redusert tilsvarende desse endringane i behovet. Den varsle reduksjonen i kraftinntektene våre, både konsesjonskraft og eigedomsskatt, gjer seg no gjeldande for budsjettåret 2015 og for åra som kjem. Kraftinntekter er eit krevjande fagfelt og turvande kompetanse i eigen organisasjon for å sikre inntektpotensialet vårt blir stadig viktigare.

Organisasjonen har i samsvar med føresetnadene i økonomiplanen arbeidd gjennom OU-prosjektet med å utvikle og endre dei kommunale tenestene for å gjere oss rusta til å møte dette utfordringsbiletet. Dette har vore eit heilskafeleg arbeid der leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette har arbeidd saman for å leggje fram tilråding for rådmannen. Rådmannen vil takke alle prosjektmedarbeidarar og tilsette for stort engasjement og godt arbeid fram mot rådmannens grunnlagsdokument.

Arbeidet i organisasjonen er lagt fram som strategiske val og avgjerdsgrunnlag for rådmann i økonomiplanarbeidet. Forslaga er lagt til grunn i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for neste 4-års periode og representerer viktige vegval for å gjere kommunen rusta til å levere gode tenester med dei inntektene me har. I 2015 er det nødvendig å planlegge og skape handlingsrom for endringane.

For framtidige vegval utover desse blir Kommunereforma eit viktig bakteppe. Den representerer sentrale problemstillingar for framtidig kommunestruktur og forventningar til lokaldemokrati og tenesteyting.

Budsjettframlegget legg opp til kostnadsreduksjon i samsvar med økonomiplanen 2014 -2017 og reduserte inntekter utover føresetnadene i den. Det er mål om netto driftsresultat på 3%, og tilsvarende overføring frå drift til investering. Økonomisk handlingsrom til å kunne investere i naudsynte tiltak for samfunnsutvikling er viktig, særleg med omsyn til folketalsutviklinga. Det er også lagt opp til ein gjennomgang av vedlikehaldsbehovet. Nokre eininger har hatt vekst i budsjettåret 2014 og har med seg ein høgare drift. Helse- og omsorg, og då særleg heimetenesta, har eit høgare nivå enn lagt til grunn i økonomiplanen 2014 – 2017, samstundes som kommunen prioriterer pleie- og omsorgstenester høgt samanlikna med andre. OU- prosjekta for pleie- og omsorg viser framlegg til viktige strategiar for å tilpasse tenestenivå til behov og økonomiske rammer. Desse er lagt til grunn for økonomiplanen.

Samla sett har kommunen framleis eit tenestetilbod som er høgare enn mange andre kommunar. Rådmannen opplever at Vaksdal kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar. Det er ein engasjert organisasjon, med dyktige tilsette, som er orientert mot utvikling. Det skjer mykje positivt, som gir grunnlag for eit godt omdømme og å vere stolte av eigen kommune.

Dei største utfordringane i økonomiplanperioden vil etter rådmannen si vurdering vere:

- Gjere viktige vegval for innretting av tenestetilbodet for å tilpasse oss til endra behov, forventningar og reduserte inntekter
- Gjennomføre strategiane samstundes som me har god kvalitet og godt arbeidsmiljø i dagleg drift
- Sikre at me utnytter potensialet i eigne inntekter maksimalt

Dette vil krevje arbeid og samarbeid på alle nivå hos administrasjonen og det vil krevje eit godt samarbeid mellom politisk nivå og administrasjonen. Me er godt på veg, og får me dette til, kjenner rådmannen seg sikker på at Vaksdal kommune framleis vil vere ein god kommune å bu og arbeide i.

Trine P. Grønbech

Rådmann

## Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44

1. *Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
2. *Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.*
3. *Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktig måte.*
4. *I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.*
5. *Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
6. *Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skalrådet avgjere innstilling som nevnt.*
7. *Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
8. *Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

Kommunen skal etter Kommunelova §45 vedta eit budsjett for neste år innan utgangen av året.

Kommunelova § 46 seier følgjande om innhald i årsbudsjettet

1. *Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjettthjemmel på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.*
2. *Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.*
3. *Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.*
4. *Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.*
5. *Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.*
6. *Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.*
7. *I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.*
8. *Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.*

## Statsbudsjettet 2015 – Kommuneøkonomi

I Regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett for 2015 er det lagt inn ein reell vekst på 1,7% rekna frå anslag på rekneskap 2014. Den samla prisstigninga er anslått til 3,0%.

Det er rekna med ei nominell skatteauke på 4,7% frå 2014 og skatteøyret for kommunane vert redusert til 11,25% i 2015. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere 40%.

Det er lagt opp til ei auke i dei frie inntektene med om lag 3,9 mrd. Auke i inntekter skal dekka endra ressursinnsats i kommunane til:

- Befolkningsutvikling – meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, mellom anna fleire eldre
- Pensjonskostnader – det er forventa at pensjonskostnadene fro kommunane vil auke utover det som vert kompensert gjennom prisstigning av inntektene.
- Rusproblem og psykiske lidningar – vekst knytt til behov for å styrka dei kommunale tenestene til personale med rusproblem og personar med psykiske lidningar
- Helsestasjon- og skulehelsetenesta – vekst knytt til behovet for å styrka helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Meir fleksible barnehageopptak – regjeringa vil arbeide for meir fleksible barnehageopptak og reduserer ventetida for å få barnehageplass
- Maksimalpris barnehagar – auke i makspris gir reduksjon i rammetilskotet, medan framlegg om å innføre eit minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt kompenserer noko for reduksjonen av rammetilskotet
- Auke kommunal eigendel i statlege barneverninstitasjonar – det er framlegg om å auke den kommunale eigenandelen, noko som medfører auke i rammetilskotet
- Nytt valfag i ungdomsskulen – det er lagt inn kompensasjon for heilårverknaden av opptrappinga i 2014
- Kultuskulettilbod i skulen/SFO – ordninga med ein veketimd kulturskulettilbod i skule/SFO-tida er avvikla frå og med skuleåret 2014-2015, noko som medfører reduksjon i rammetilskotet.
- Gratis frukt og grønt – ordninga med gratis frukt og grønt på skule med ungdomstrinn er avvikla frå og med skuleåret 2014-2015, noko som medfører reduksjon i rammetilskotet.
- Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) – Stortinget har vedteke endringar i lov om brukar- og pasientrett frå og med 2015, som inneber ein rett til å få tenester organisert som BPA. Dette omfattar tenester etter helse- og omsorgslova for personar under 67 år. Kommunane vert kompensert gjennom ei auke i rammetilskotet.
- Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Det har vore ein betydeleg auke i talet på mottakarar og utgifter pr. tenestemottakar. Staten sitt samla tilskot har difor auka mykje over fleire år, og utgiftene veks framleis mykje. Det er lagt opp til følgjande for 2015:

Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået. Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr. 1010.000,- til kr. 1080.000,- for netto utgifter i 2014. Denne auken i innslagsnivå er større enn på-rekna lønsvekst frå 2013 til 2014. Føremålet med auken i innslagsnivå utover løns-vekst, er å stramma tilskotsordninga noko inn.

- Samhandlingsreforma – ordninga med kommunalt medfinansieringsansvar (20% av utgiftene i sjukehus) vert avvikla frå 2015. Kompensasjon for ansvaret for medfinansiering vert trukke ut av rammeoverføringane for kommunane i 2015. Kompensasjon for betaling for

utskrivingsklare pasientar vert vidareført i 2015. Vidareføring av tiltak for å opprette ØH-senger frå 01.01.2016

Andre tiltak:

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2015

Sjukeheimspllassar og omsorgsbustader

For 2015 er det framlegg om å gje tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimspllassar.

Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er kr. 2.885.000,- i 2014. Dette grunnlaget vert auka i 2015.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Dagtilbod demente

Det øyremerka tilskotet til dagaktivitetstilbod for demente vert styrka.

## Del 1 – Økonomiplan 2015 – 2018

Økonomiplanen er årsbudsjettet for 2015 og budsjett for dei 3 påfølgjande åra. Åra 2016 – 2017 er ikkje eit løyvingsbudsjett, men førande for utviklinga og neste års budsjettarbeid. Planen vert rullert kvart år og justert i høve til framdrift i prosjekt og endring i føresetnadar og prioriteringar.

Med basis i 2015 budsjettet vert det lagt inn justeringar og endringar dei påfølgjande åra. Vi baserer økonomiplanen på faste prisar i høve til 2015 nivået.

### Kommuneplanen -overordna mål



Kommunen sin visjon er "Bynært bygdeliv"

Overordna mål for kommunen er nedfelt i kommuneplanen, samfunnssdelen.

Økonomiplanen skal vere ein fireårig handlingsplan for å realisere desse måla.

### Kommunen som tenesteyter – overordna mål

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskafeleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

### Kommunereform og nytt inntekssystem

Regjeringa sine mål for ein ny kommunereform:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskafeleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Kommunane er pålagd ei utgreiingsplikt, arbeidet skal starte hausten 2014 og Fylkesmannen skal bistå i arbeidet, medan KS også har ei viktig rolle. Reformperioden varer frem til nasjonale vedtak er fatta, innan 1. januar 2018.

Det er fleire økonomiske virkemiddel som er tilgjengeleg for å stimulere til gode prosessar og oppnå ynska resultat. Kommunar som slår seg saman får dekka eingongskostnader etter ein standardisert modell. I tillegg blir det gitt reformstønad til alle samanslattede kommunar med vedtak i reformperioden, med et minstebeløp på 5 mill. kronar per samanslåing. Stønaden er differensiert etter innbyggjartal. Inndelingstilskotet blir vidareført slik at den nye kommunen får behalde tilskot som om den fortsatt var to (eller fleire) kommunar i 15 år etter sammenslåinga, før tilskotet vert trappa ned over 5 år.

Regjeringen legg opp til ein heilskafeleg gjennomgang av inntektsystemet for kommunane innan 2017. Gjennomgangen av inntektsystemet vil sjåast i samanheng med kommunereforma

## Økonomi

Mål: Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har



### Langsiktige mål for sunn økonomi

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 3 %
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter : under 50%
- Disposisjonsfond minst 10%

Kommunen har vedtatt eit langsiktig mål om 3 % netto driftsresultat som er eit anbefalt nivå for å sikre sunn økonomi over tid. Overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid. Netto driftsresultat var både i 2012 og 2013 over 3%. I planperioden er dette målet under press gjennom reduserte inntekter og behov for tilpassing av utgiftene i samsvar med dette. Dette krev omstillingar og utvikling i perioden. Momsen frå investeringar skal førast i investering.

Netto lånegjeld i kommunen er pr 2013 43% medan landet, fylket og kommunegruppa ligg høgare. For å ikkje binde for mykje kapital til renter og avdrag er det behov for at kommunen held fram med ei nøkternt nivå på investeringane.

Kommunen har i dag disposisjonsfond på 14% som er reknar som eit sunt nivå. Grunna eit stort oppsamla premieavvik er det i seinare år sett av midlar tilsvarande premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskriving og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjer ein stor del av disposasjonsfondet vårt.

Finansielle nøkkeltal	Vaksdal 2010	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	KG 03 2013	Hordaland 2013	Landet u/Oslo 2013
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,9	1,1	2,3	6,8	3,3	1,4	1,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,7	1,9	4,7	9,8	3,2	2,7	2,4
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	46,3	48,7	42,4	43,1	68,6	62	66,9
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	162,2	184,3	170,3	176,2	214,4	192,5	202
- herav Pensjonsforpliktele i prosent av brutto driftsinntekter	102,3	124,2	116,4	120,3	128,6	110	115,1
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	80 439	83 563	86 424	89 262	96 524	66 137	69 033

## Utfordringar i planperioden

Det er særleg to forhold som påverkar inntektene til kommunen i planperioden

- Folketalsutviklinga
- Utvikling innan vasskraft


### Folketalsutvikling

Utvikling i folketal er eit av dei viktigaste kriteria for den økonomisk utviklinga i ein kommune. Vaksdal kommune har eit stabilt befolkningstal, men det er større endringar innafor ulike aldersgrupper. Nivået på rammetilskot vil påverkast av folketalsutvikling, aldersamsetning og andre demografiske forhold samanlikna med landet samla.

Pr 1/1-14 er folketalet i Vaksdal 4140 innb. Utviklinga siste 10 år viser at folketalet endrar seg lite.

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Pr 1.1 i året	4 154	4 118	4 094	4 106	4 110	4 107	4 153	4 138	4 132	4 140
Endring frå året før		-36	-24	12	4	-3	46	-15	-6	8
Endring i %		-0,9 %	-0,6 %	0,3 %	0,1 %	-0,1 %	1,1 %	-0,4 %	-0,1 %	0,2 %


Aldersamsetninga er vist under.




Utvikling i dei ulike aldersgruppene viser at det gruppera 23-66 år som har litt vekst.

Både SSB og Hordaland Fylkeskommune har utarbeidd demografiske prognosar for åra frametter. Framskringane er basert på mange ulike føresetnader, og gir ulike vekstalternativ i sine framskrivningar. Hordaland fylkeskommune har delteke i i eit samarbeidsprosjekt kalla Fylkesprognosar.no, med utarbeiding av demografiske prognosar fram mot 2030.

Ut frå dei utviklingstrekk som er i kommunen vert lågalternativet lagt til grunn for prognosar for framtidig rammetilskot og tilpassing av tenestetilbodet.



Ser ein tilsvarende mot SSB sine prognosar for folketalsutviklinga, gir dette om lag tilsvarende tal som Fylkesprognosar når ein legg til grunn utvikling med lav vekst. Fordelt på ulike aldersgrupper er det forventa følgjande vekst:



Vi ser her at det er aldersgruppa 67-79 år som vil få størst vekst fram mot 2030.


Dersom vi ser på dei ulike aldersgruppene som får mest direkte tenester er det følgjande utvikling i folketalet:

Barnehage: Prognosar antal born i aldersgruppa 1-5 år. Det er venta reduksjon i planperioden, og deretter svak vekst fram mot 2025.

Grunnskule: Prognosar antal born i aldersgruppa 6-15 år. I planperioden er det venta svak nedgang (noko svingande) og lav vekst etter 2020

Eldreomsorg: Tenesteområdet Helse og omsorg har brukarar i alle aldergrupper, men flest tenestemottakarar i aldersgruppa 67+. Samla er det reduksjon i planperioden, men det er venta noko vekst frå 2025. Det er aldersgruppa 67-79 som auker, medan det er forventa reduksjon i aldersgruppene over 80 år.

Dersom vi legg til grunn aldersfordelinga i befolkning pr 1.1.14 og bruker dette som eit utgangspunkt (basisår), ser vi at det i planperioden vil vere redusert behov for ressursinnsats innan Barnehage og Eldresomsorg. Det er då lagt opp til lav vekst for Vaksdal kommune. Dersom vi legg til grunn at det er aldersgruppa 90+ som er den beste enkeltindikatoren som skildrar behov for institusjonsplassar, er det her den største endringa ligg fram mot 2030.




## Inntekter

### Rammetilskot og skatt

Dei frie inntektene til kommunane består av rammetilskot og skatteinntekter, dette er inntekter kommunane kan rá fritt over utan andre føringar frå Staten enn gjeldane lover og regelverk. Det overordna føremålet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordeling av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og skilnader i skatteinntekter. Utgiftsutjevninga er grunngjeve med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gjev strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i liten grad kan påverke.

Inntektssystemet vert då påverka av både folketalsutvikling og utvikling innafor ulike kriterium. Alderssamsetninga har stor betydning for utgiftsutjevninga, og utgjer i underkant av 70% av vekta for denne delen av inntektsystemet. Det er aldersgruppa 6-15 år som har den største vekta, og deretter gruppen over 67 år.

Dersom folketalet i Vaksdal kommune endrar med lav vekst og vi legg SSB si framskriving med middels vekst til grunn gir dette følgjande endringar i Innbyggjartilskot og Utgiftsutjevning. Under føresetnad om uendra verknad av nytt inntektssystem, vil det kunne pårekna ein reduksjon i Innbyggjar- og utgiftsjevningstilskot på ca 3,5 mill mill fram mot 2018. Dersom vi legg til grunn lav nasjonal vekst vert reduksjonen mindre i Økonomiplanperioden, ca 1,5 mill i reduksjon frå 2015 til 2018.



Dersom vi legg SSB sin framskriving til grunn med middels nasjonal vekst frametter, og lav vekst for Vaksdal kommune, viser utrekningar i KS sin prognosemodell at det i Økonomiplanperioden kan pårekna reduksjonar i rammeoverføringane.

## Prognosemodell KS ( pr 13.10.14)

VAKSDAL (år 2015-prisnivå i perioden 2015-2018)	1251							
	PROGNOSER							
1000 kr	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	86 052	90 065	94 550	92 883	92 336	91 349	90 642	
Utgiftsutjevning	34 446	35 629	34 930	37 053	36 713	34 315	35 717	
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)	-286	-254	-146	-263	-	-	-	
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)	785	-	298	469	469	469	469	
Nord-Norge-tilskudd/Namdals tilskudd	-	-	-	-	-	-	-	
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)	-	-	-	-	-	-	-	
Småkommunetilskudd	-	-	-	-	-	-	-	
Distriktsstilskudd Sør-Norge	5 186	5 347	5 502	3 407	3 411	3 411	3 411	
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	-	-	-	-	-	-	-	
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-	-	
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	900	900	1 000	800	800	800	800	
herav gradvis bortfall av dif arbeidsgiveravgift	-	-	-	-	-	-	-	
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet	-	-	-	-	-	-	-	
<b>Endringer saldert budsjett 2014</b>			-422					
Kompensasjon Samhandlingsreformen	-	-	-	-	-	-	-	
Eksstra skjønn tildelet av KRD	-	-	-	-	-	-	-	
RNB2012-2014	94	43	118					
<b>Sum rammetilsk uten inntektsutj</b>	<b>127 177</b>	<b>131 729</b>	<b>135 831</b>	<b>134 349</b>	<b>133 729</b>	<b>130 345</b>	<b>131 039</b>	
"Bykletrekket" (anslag etter 2010)								
Netto inntektsutjevning	7 201	6 160	6 418	10 028	10 028	10 028	10 028	
<b>Sum rammetilskudd</b>	<b>134 379</b>	<b>137 890</b>	<b>142 248</b>	<b>144 378</b>	<b>143 758</b>	<b>140 373</b>	<b>141 067</b>	
Rammetilskudd - endring i %			2,6	3,2	1,5	-0,4	-2,4	0,5
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>86 569</b>	<b>91 730</b>	<b>92 739</b>	<b>92 739</b>				
Skatteinntekter - endring i %			6,0	1,10	-	-	-	
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-	
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>	<b>220 948</b>	<b>229 620</b>	<b>235 000</b>	<b>237 100</b>	<b>236 500</b>	<b>233 100</b>	<b>233 800</b>	
(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)								
Sum - endring i %			3,9	2,3	0,9	-0,3	-1,4	0,3
<b>Eksstra skjønn tildelet av fylkesmannen</b>	<b>570</b>	<b>1 200</b>	<b>0</b>					
(ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - for 2014 fordelt så langt i år)								
Sum skatt (inkl selskaps) og netto skatteinjevning	93 770	97 890	99 157	102 767	102 767	102 767	102 767	
Sum - endring i %			4,4	1,3	3,6	-	-	
Rammetilsk kr pr innb. (m selsk skatt frem til 2008)	32 616	33 355	34 326	34 857	34 635	33 812	33 882	
Skatteinntekter kr pr innb. uten selskapsskatt	21 012	22 189	22 379	22 390	22 343	22 338	22 274	
Kostnadsindeks (utgiftsutjevningen)	1,1880	1,1835	1,1743	1,1853	1,1849	1,1743	1,1831	

I tråd med prognosene vert det foreslått budsjettet med 144,4 mill i rammeoverføring og 92,7 mill i skatteinntekter i 2015. Distriktsstilskotet er redusert fra 5,5 mill til 3,4 mill og ligg inne i rammeoverføringa. Skjønnstilskotet er redusert fra 1,0 mill til 0,8 mill.

Kommunane opplever skattesvikt i 2014 i forhold til prognosene. Vaksdal kommune har om lag same skatteinngang i år som i fjor, men vil få redusert inntektsutjevning siden skatteveksten i landet er lågare enn venta.

Auka skatteinntekter vil ikkje ha større effekt for Vaksdal kommune, då skatteinntektene er på under 90% i forhold til landet. Auka skatteinntekt vil då medføre redusert inntekstutjevning. For Vaksdal kommune er det ikkje lagt opp til vekst i skatteinntektene i planperioden. Det er ei viss usikkerheit knytt til skatteinngang framover, om veksten for landet vert lågare enn prognosene i statsbudsjettet (jf 2014) kan det påverke utjevningsmidlane negativt.

## Egne inntekter


Kommunen har egne inntekter utover rammetilskot og skatt. Dei viktigaste inntektene er eigedomsskatt og konsesjonskraft. Desse inntektene vert påverka av utviklinga i kraftmarknaden.

**Eigedomsskatt** er ein kommunal skatt som kommunen nyttar til finasiering av tenestetilbodet. Største delen av eigedomsskatten kjem frå kraftstasjonar. Skattegrunnlaget for komande år kjem frå sentralskattekontoret mot slutten av året. BKK som største konsesjonær varsler reduksjon for sine anlegg frametter og har sendt oss sine prognosar til og med 2023. For neste år syner progosen ein reduksjon med om lag 1,5 mill frå nivået i 2014. For 2015 vert det budsjettert med 34 mill.


Først i 2023 vil nivået verte på 2014-nivå. Utviklinga i kraftprisar, kostnadar og investeringar kan påverke skattegrunnlaget for verk og bruk.

Kommunen har lagt til grunn prognosene, men med noko mindre reduksjon i slutten av plaperioden.

Det er ikkje venta vesentlege endringar i den øvrige eigedomsskatten.



Kommunen har **konsesjonskraft** som vert omsett i marknaden. Lågare kraftprisar har gitt lågare inntekter dei siste åra. Det er venta låge kraftprisar i heile planperioden, det vil redusere konsesjonskraftinntektene i åra som kjem. For 2015 er krafta solgt og gir ei netto inntekt på 7,4 mill. Dette er ein reduksjon på 3 mill frå 2014, og det er venta ytterlegare reduksjonar i 2016 og frametter.



BKK har varsla at det vil verte redusert **utbytte** i perioden. Frå 2014 til 2015 vil utbytte verte redusert frå ca 3 mill til 1,4 mill. Utbytte frå BKK på 1,4 mill i 2015 vert foreslått tilført drifta. Frå 2016 og frametter vil forventa utbytte vere 1,4 mill kvart år.

Samla viser utviklinga i rammetilskot, skatt og egne inntekter frå egedomsskatt, konsesjonskraft og utbytte ein vesentleg reduksjon i innteksgrunnlaget i planperioden.

	2015	2016	2017	2018
Rammetilskot	144 400 000	143 800 000	140 400 000	141 100 000
Skatt	92 700 000	92 700 000	92 700 000	92 700 000
Egedomsskatt	34 000 000	32 000 000	32 000 000	31 000 000
Konsesjonkraft	7 400 000	5 400 000	5 400 000	5 400 000
Utbvette BKK	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
<b>Sum</b>	<b>279 900 000</b>	<b>275 300 000</b>	<b>271 900 000</b>	<b>271 600 000</b>
<i>Endring frå 2015</i>		-4 600 000	-8 000 000	-8 300 000
<i>Endring i % frå 2015</i>		-1,6 %	-2,9 %	-3,0 %

#### Avkastning på verdipapir - Aksjar og obligasjoner

Kommunen sin portefølje er samla pr 31.8.14 om lag 87,8 mill.

Obligasjoner har hatt ei avkastning på om lag 2 mill årleg, og det er lagt til grunn 2 mill i avkastning i 2015.

Aktivklasse	Marknadsverdi Portefølje pr 31.08.2014
Bankinnskudd	5 741 562
Sertifikat/obligasjoner	66 507 885
Aksjer	15 612 254
<b>Sum</b>	<b>87 861 701</b>

Aksjar har hatt noko lavare avkastning i 2014 og det er uvisse i marknaden for tida. Vi har derfor valt å ikke budsjetttere avkastning på aksjar i 2015. Ei eventuell avkastning i regnskapsåret vert foreslått overført til Investeringrekneskapen. Prognosane framover i perioden er usikre og avheng av fleire faktorar som t.d. storleiken på eigen portefølje og utviklinga i verdensøkonomien.

#### Inntekter frå fond

Vi inntektsfører 2,7 mill av premiefondet i drifta i 2015. Vi vil bruke i overkant av 7 mill av premiefondet til å finansiere egenkapitalkravet i samband med flytting av tenestepensjon til KLP. Pensjonsordningen i KLP er innretta slik at premiefondet vil bli nytta til oppservering, egenkapitalinnskot og til å dekke avvik. Det er ikkje venta store premieavvik i åra frametter.

Frå Næringsfondet tek vi inn samla 1.675.000,-. Til drift av Vaksdal Næringssselskap går 1 mill, kr 300.000,- går til etableringstilskot og kr 375.000,- går til renter og avdrag.

**Momskompensasjon** for investeringar vert ført direkte i investeringrekneskapen, og påverkar ikkje drifta i 2015. Det er rekna inn 3,5 mill som reduserer låneopptaket.

#### Brukarbetaling og gebyrinntekter

Vatn- avlaup og renovasjon (VAR) er sjølvkostområde og gebyra skal dekke utgiftene. Satsane for gebyr innafor VAR-området vert presentert i eiga sak.

Det vert føreslege ei generell prisauke på 5%. Andre betalingssatsar vert lagt fram som eigen sak.

## Utgifter

Løn og sosiale utgifter utgjer dei største utgiftspostane i kommunale budsjett.

**Hovudoversikt drift** (Tala vil endre seg litt med endelige budsjettering etter vedtak i kommunestyre i des)

	R-2013	B-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
i 1000 kr						
<b>Driftsinntekter</b>						
Brukerbetalinger	17 774	19 124	19 619	19 619	19 619	19 619
Andre salgs- og leieinntekter	21 934	22 474	22 840	22 840	22 840	22 840
Overføringer med krav til motytelse	58 634	27 906	24 319	24 319	24 319	24 319
Rammetilskudd	138 240	144 618	144 380	143 760	140 370	141 070
Andre statlige overføringer	11 609	3 120	3 170	3 170	3 170	3 170
Andre overføringer	18 395	21 600	17 750	17 750	17 750	17 750
Skatt på inntekt og formue	91 731	92 500	92 700	92 700	92 700	92 700
Eiendomsskatt	35 200	35 500	34 000	32 000	32 000	31 000
Andre direkte og indirekte skatter	3 169	3 070	3 050	3 050	3 050	3 050
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>396 686</b>	<b>369 912</b>	<b>361 828</b>	<b>359 208</b>	<b>355 818</b>	<b>355 518</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	197 747	187 172	194 438	189 944	187 413	187 908
Sosiale utgifter	53 481	65 640	59 146	57 779	57 009	57 159
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	59 147	53 899	51 121	49 940	49 274	49 404
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	28 620	28 700	28 562	28 562	28 562	28 562
Overføringer	23 530	19 270	14 289	14 289	14 289	14 289
Avskrivninger	14 644	14 000	14 000	14 000	14 000	14 000
Fordelte utgifter	-7 622	-6 850	-10 717	-10 717	-10 717	-10 717
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>369 547</b>	<b>361 831</b>	<b>350 839</b>	<b>343 796</b>	<b>339 829</b>	<b>340 605</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>27 139</b>	<b>8 081</b>	<b>10 989</b>	<b>15 411</b>	<b>15 989</b>	<b>14 913</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter og utbytte	5 222	3 310	1 798	1 798	1 798	1 798
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	9 338	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Mottatte avdrag på utlån	660	30	30	30	30	30
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>15 220</b>	<b>5 340</b>	<b>3 828</b>	<b>3 828</b>	<b>3 828</b>	<b>3 828</b>
<b>Finansutgifter</b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	6 835	10 000	10 700	11 600	11 900	11 400
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 327	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	9 944	10 550	11 900	12 900	13 300	12 700
Utlån	13	30	30	30	30	30
Sum eksterne finansutgifter	18 119	20 580	22 630	24 530	25 230	24 130
<b>Resultat eksterne finantransaksjoner</b>	<b>-2 899</b>	<b>-15 240</b>	<b>-18 802</b>	<b>-20 702</b>	<b>-21 402</b>	<b>-20 302</b>
Motpost avskrivninger	14 644	14 000	14 000	14 000	14 000	14 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>38 884</b>	<b>6 841</b>	<b>6 187</b>	<b>8 709</b>	<b>8 587</b>	<b>8 611</b>
<b>Interne finantransaksjoner</b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	9 385	13 340	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	238	145	150	150	150	150
Bruk av bundne fond	3 703	4 162	4 488	1 830	1 830	1 830
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	13 327	17 647	4 638	1 980	1 980	1 980
<b>Overført til investeringsregnskapet</b>	<b>20 809</b>	<b>7 870</b>	<b>7 755</b>	<b>7 619</b>	<b>7 497</b>	<b>7 521</b>
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	10 548	13 548	0	0	0	0
Avsatt til bundne fond	7 515	3 070	3 070	3 070	3 070	3 070
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0
Sum avsetninger	38 871	24 488	10 825	10 689	10 567	10 591
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>13 340</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Pensjonskostnader


Det er venta at **pensjonskostnadane** vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene i statsbudsjettet. Auken i pensjonspremie har samanheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. Redusert amortiseringstid til 7 år for premieavvik vil ha budsjetteffekt frå 2015 og bidra til å auke pensjonskostnadane.

Vaksdal har eit oppsamla premieavvik på kr 54,8 mill pr 1/1-2014.

Som motpost til det store premieavviket er det sett av midlar av overskotet til eit fond som kan nyttast til å dekke inn negativt premieavvik, amortisering (avskriving) av premieavvik og ev. tap på verdipapir. Amortiseringsfondet er 44,5 mill pr 1/1-2014.

Det er venta mindre premieavvik i åra som kjem.

Oppsamlet premieavvik - i prosent av brutto driftsinntekter



Vaksdal må flytte pensjonsordninga frå DNB til KLP som no er einaste leverandør av kommunal tenestepensjon. Det er varsle auke i premiesatsane for 2015. Lærarane er i Statens Pensjonskasse.

## Investeringar

Gjeldane investeringsplan er lagt til grunn og rullert i økonomiplanperioden. Enkelte prosjekt eller deler av prosjekt er av ulike grunner skyvd litt ut i tid i investeringsplanen. Dette gjeld t.d Tettaneset der det er brukt mindre i 2014 enn planlagt, midlane vert flytta til 2015. Det gjeld og nytt vassverk på Vaksdal . Årets budsjett vert justert i sak til kommunestyre i desember.

Ein del nye investeringsbehov er tatt inn i planen , det gjeld mellom anna investeringar for å kunne endre drifta i planperioden. Investeringsramma i 2015 er om lag som i gjeldande økonomiplan.

KAPITALBUDSJETT	Bud 2015	ØPL.2016	ØPL. 2017	ØPL. 2018	SUM 2015-2018
<b>INVESTERINGSUTGIFTER</b>					
<b>FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT</b>					
Ikt- og datasikkerheitsløysing	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	4 800 000
Kyrkja - investering - m.a. nødlys	200 000	0			200 000
Heradshus – datakabling	200 000				200 000
Kundetorg – ombygging	150 000				150 000
<b>HELSE OG OMSORG</b>					
Forprosjekt Helse og omsorg	800 000				800 000
Ombygging/oppgradering kommunale	500 000	500 000			1 000 000
Prosjekt: Innovasjon i omsorg	500 000	300 000	300 000		1 100 000
Folkehelse og familie – samlokalisering	450 000				450 000
<b>OPPVEKST</b>					
Investeringar skulebygg m/lån	2 500 000	1 400 000			3 900 000
Opprusting uteområde skular/barnehagar	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Dale barnehage ny avdeling				6 000 000	6 000 000
Digitalisering i barnehage	200 000				200 000
<b>SAMFUNNSUVIKLING</b>					
Eigedomsforvaltinga byggenester	500 000	500 000	1 000 000	1 000 000	3 000 000
Snuplass - Otterstadneset	250 000				250 000
Snuplass - Myster	150 000				150 000
Tettaneset bu-visjon	11 250 000	12 000 000	12 000 000		35 250 000
Senterplassen	200 000		300 000		500 000
Andre møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø	100 000	300 000		300 000	700 000
Stamnes sentrum	500 000	500 000			1 000 000
Teknisk stasjon maskiner/utstyr	0	1 600 000	0	500 000	2 100 000
Digitale kartverk/arkiv	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Trafikkiksikringsplan	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
Prosjekt rassikring:	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000
Prosjekt: Adresseregister	200 000				200 000
Klimaplan - midlar	100 000	0			100 000
Opprusting kaier	600 000	600 000	600 000		1 800 000
Samfunnsutvikling- samlokalisering,	200 000	350 000			550 000
Bustader Døso	1 000 000				1 000 000
Bekledning brannvern	400 000				400 000
Oppgradering kommunale bruar	300 000	300 000	300 000	300 000	1 200 000
Rullering av kommuneplan	500 000	300 000			800 000
Riving av gamle barnehage Stanghelle	700 000				700 000
Kommunale vassverk	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	6 000 000
Avlaup (kloakkar)	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	6 000 000
Nytt vassverk Vaksdal	2 000 000	14 000 000			16 000 000
Avløpssanering Vaksdal	1 000 000	4 000 000	5 000 000		10 000 000
Høgdebasseng Myster	300 000	3 700 000			4 000 000
Oppgradering Dalevågen avløpsrenseanlegg		300 000	2 700 000		3 000 000
Avløpssanering Stanghelle		500 000	4 000 000		4 500 000
<b>SUM INVESTERINGAR</b>	<b>30 700 000</b>	<b>46 100 000</b>	<b>31 150 000</b>	<b>13 050 000</b>	<b>121 000 000</b>

## Tiltak på investeringsplanen

Av større tiltak i perioden kan nemnast nytt vassverk på Vaksdal og andre større investeringer innan vatn og avlaup, Tettaneset buområde på Stanghelle og tilrettelegging av bustader på Døso i 2015. Innan felles økonomi er det ikkje lagt inn nye prosjekt.

## Helse og omsorg

Det er lagt inn midlar til rehabilitering/ombygging av bueiningar og midlar til forprosjekt i samband med omleggingane i tenestene. Det kan vera nødvendig med ytterlegare investeringar i perioden til omlegging av drifta, men dette er ikkje kostnadsberekna enda.

## Oppvekst

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular går ut 2016. Kommunen har sidan 2010 årleg budsjettet med investeringar til skule innafor denne ordninga. Av ei ramme på 11,6 mill gjenstår 3,9 mill som er lagt inn i 2015-2016. Noko av årets midlar går til tilstandsvurdering av Dale barne- og ungdomsskule.

Delar av bygningsmassen på Dale barne- og ungdomskule har eit stort etterslep på vedlikehald. Skulen er ikkje tilpassa dei krav ein stiller til skulebygg i dag, mellom anna med tanke på fleksibilitet, inneklima og tekniske anlegg.

Erfaringar frå andre kommunar ved opprusting av eldre skulebygg har vist at risikoen ved slike prosjekt er stor med omsyn til overskriding av kostnader og forlenga levetid etter oppussing. Det er døme rehabiliteringsprosjekt med store budsjettoverskridinger der ein står igjen med eit mangelfult bygg som er dyrt i drift, og som ikkje stettar fysiske krav til eit godt læremiljø.

Erfaringar frå skulebygg av tilsvarande størrelse kan indikere kostnader på rehabilitering på mellom 50 – 100 millionar kroner og mellom 100 – 150 kr for eit nybygg.

Vi vil difor tilrå å gjennomføre eit forprosjekt dei vi ser på kostnaden for rehabilitering opp mot kostnaden for å bygge ny barne- og ungdomskule. Synergiar mot andre aktivitetar/bygg, til dømes kulturskule, PPT og bibliotek lyt då også bli vurdert. Forprosjektet skal vere ferdig i til 1. juni 2015.

## Samfunnsutvikling.

Innan vann og avlaup (sjølvkost) vert kr 2 mill. i 2014 overført til 2015 og kr 14 mill. i 2015 overført til 2016 til nytt vassverk på Vaksdal. Vidare er det lagt inn kr 300.000 i 2015 og kr 2,7 mill. i 2016 til nytt høgdebasseng og desinfeksjon for Eidslandet vassverk. Dette kjem i tillegg til ordinære avsetjingar til investeringar på kr 1,5 mill. på vatn og tilsvarande på avlaup i 2015 og vidare.

Det er lagt inn kr 1 mill. i 2015, kr 4 mill. i 2016 og kr. 5 mill. i 2017 for sanering av utslepp på Vaksdal. Vidare er det lagt inn til saman kr 3 mill. i perioden 2016 -2017 for oppgradering av Dalevågen avløpsreinseanlegg.

Gjennomføring av vassforsyningstiltaka vil føre til ein gebyrauke på kring 20 % årleg i perioden 2016-2018. I 2015 vert gebyra ikkje auka på grunn av fondsmidlar. For avløp vert gebyra auka med kring 8 % årleg i økonomiplanperioden.

Til realisering av Tettaneset står det kr 11,25 mill. i 2015 og kr 12 mill i 2016 og 2017.

I 2015 er det sett av kr 250.000 til snuplass Otterstadneset og kr 150.000 til snuplass Myster. Det er sett av kr 200.000 til opprusting av kommunal grunn på Senterplassen på Vaksdal i 2015 og kr 300.000 i 2017.

Det står kr 700 000 til andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø i planperioden, av desse kr 100.000 i 2015. Det er budsjettet kr 100.000 til oppfølging av klimaplan. Dette er investeringsmidlar tenkt nytt til ladestasjonar for elbil

Det står kr 500.000 til Stamnes sentrum i 2015 og kr 500.000 i 2016 som tidlegare vedtatt

Det er tatt inn kr 1 mill. i 2015 til forprosjekt for to bustadområde på Døso og det er lagt inn kr 700 000 til riving av bygg på Stanghelle.

Det er sett av kr 200.000 i 2015 til fullføring av prosjekt gateadresser. Det er lagt inn kr 1,2 mill i perioden til opprusting av kommunale bruver etter rapport frå gjennomført inspeksjon i 2015.

Det er forelått sett av kr 400.000 i 2015 til eit ekstra sett utrykningsklær til brannvesenet grunna dokumentert helsefare.

Til rullering av kommuneplan er det sett av kr. 500.000 i 2015 og 300.000 i 2016.


## Finansiering

Pr 31.12.2014 vil Vaksdal kommune ha om lag 255,2 mill i lånegjeld.

Lånegjelda til kommunen vil auka noko frametter for å finansiere investeringsprogrammet. Det er viktig å få større deler av finansieringa frå driftsoverskotet.

	2015	2016	2017	2018	Sum 2015-2018
Bruk av formidlingslån	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	8 000 000
Bruk av lån m/rentekomp. Skule/kyrkje	2 500 000	1 400 000	-	-	3 900 000
Bruk av ordinære lån	16 945 000	31 581 000	20 153 000	4 129 000	72 808 000
<b>Samla lånepptak</b>	<b>21 445 000</b>	<b>34 981 000</b>	<b>22 153 000</b>	<b>6 129 000</b>	<b>84 708 000</b>
Sal av fast eigedom	-	-	-	-	-
Frå fond	-	-	-	-	-
Frå drift	7 755 000	7 619 000	7 497 000	7 521 000	30 392 000
Frå MVA	3 500 000	5 500 000	3 500 000	1 400 000	13 900 000
Lån IB	255 200 000	263 345 000	284 126 000	290 255 000	
Lån IB + nytt lånepptak	276 645 000	298 326 000	306 279 000	296 384 000	
Avdrag	11 900 000	12 800 000	13 100 000	12 600 000	50 400 000
Avdrag formidlingslån	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	5 600 000
<b>Sum avdrag</b>	<b>13 300 000</b>	<b>14 200 000</b>	<b>14 500 000</b>	<b>14 000 000</b>	<b>56 000 000</b>
Netto lånegjeld etter avdrag	263 345 000	284 126 000	291 779 000	276 255 000	
<b>Renteutgifter gamle og nye lån</b>	<b>10 700 000</b>	<b>11 500 000</b>	<b>11 800 000</b>	<b>11 300 000</b>	<b>45 300 000</b>

Lånegjelda i planperioden:




#### Renter og avdrag

Med den investeringsplan rådmannen legg opp til, vert dei årlege avdraga rundt 13 mill i året. Av dette er 1,4 mill knytt til formidlingslån. Det er for tida lågt rentenivå, og der er forventa lågt rentenivå i 2015. Det er eit mål å få større deler av investeringane finansiert gjennom drifta.

#### Drifta i planperioden

Kommunal drift går i hovudsak til å produsere velferdstenester som helse og omsorg, grunnskule og barnehagertilbod.




**Figur 2.1**  
Sammensetningen av  
kommunesektorens  
utgifter, 2008 (unntatt  
Oslo) KMD

Årsbudsjett 2014

I Vaksdal går ein større del av midlane til helse og omsorgstenester, ca 55 % pr 2. tertial 2014.

Når behovet vert redusert som følgje av folketalsutviklinga i perioden er det naturleg å redusere omfanget at desse tenestene. Samhandlingsreforma og andre føringer legg opp til endringar i tenestetilbodet i kommunane. Bukarane sine preferanser har også endra seg frå tidlegare.



I Økonomiplanperioden må utgiftsnivået reduserast for å tilpassast kommunen sine reduserte inntekter. Samstundes er det viktig å ha eit mål om 3 % netto driftsresultat, overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid.

Budsjettkjema 1A - drift	R-2013	B-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
Skatt på inntekt og formue	91 731	92 500	92 700	92 700	92 700	92 700
Ordinært rammetilskudd	138 240	144 618	144 380	143 760	140 370	141 070
Skatt på eiendom	35 200	35 500	34 000	32 000	32 000	31 000
Andre direkte eller indirekte skatter	3 169	3 070	3 050	3 050	3 050	3 050
Andre generelle statstilskudd	11 609	3 120	3 170	3 170	3 170	3 170
Sum frie disponibele inntekter	279 949	278 808	277 300	274 680	271 290	270 990
Renteinntekter og utbytte	5 222	3 310	1 798	1 798	1 798	1 798
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	9 338	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	6 835	10 000	10 700	11 600	11 900	11 400
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 327	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	9 944	10 550	11 900	12 900	13 300	12 700
Netto finansinnt./utg.	-3 546	-15 240	-18 802	-20 702	-21 402	-20 302
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	10 548	13 548	-	-	-	-
Til bundne avsetninger	7 515	3 070	3 070	3 070	3 070	3 070
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	9 385	13 340	-	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	238	145	150	150	150	150
Bruk av bundne avsetninger	3 703	4 162	4 488	1 830	1 830	1 830
Netto avsetninger	-4 736	1 029	1 568	-1 090	-1 090	-1 090
Overført til investeringsbudsjettet	20 809	7 870	7 755	7 619	7 497	7 521
Til fordeling drift	250 858	256 727	252 311	245 269	241 301	242 077
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	-	-	-	-	-	-
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>250 858</b>	<b>256 727</b>	<b>252 311</b>	<b>245 269</b>	<b>241 301</b>	<b>242 077</b>
<b>Overskot i %</b>	<b>7,5 %</b>	<b>3,0 %</b>				

Følgjande rammer vert retningsgjevande for Økonomiplanperioden 2015-2018

Fordeling til Tenesteområder	R-2013	B-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
Fellesområde økonomi	18 421	19 519	22 411	23 169	22 801	22 577
Tenesteområde helse og omsorg	132 419	131 606	127 000	122 000	119 000	119 500
Tenesteområde oppvekst	73 713	75 545	74 400	71 600	71 000	71 000
Tenesteområde samfunnsutvikling	26 305	30 057	28 500	28 500	28 500	29 000
<b>Sum tenesteområder</b>	<b>250 858</b>	<b>256 727</b>	<b>252 311</b>	<b>245 269</b>	<b>241 301</b>	<b>242 077</b>

## Strategiske val og endringar i drifta i økonomiplanen

Inntektene til kommunen vert vesentleg redusert dei komande åra. Det blir færre barn og færre eldre og behovet for kommunale tenester vil bli redusert. Den kommunale organisasjonen vil måtte tilpasse seg denne utviklinga. Samtidig skal kvaliteten på tenestene vedlikehaldast og utviklast og fokuset på førebygging og samfunnsutvikling styrkast.

Rammer for Økonomiplanperioden 2015 – 2018 lagt til grunn for framlegga:

Fordeling til Tenesteområder	R-2013	B-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018
Fellesområde økonomi	18 421	19 519	22 411	23 169	22 801	22 577
Tenesteområde helse og omsorg	132 419	131 606	127 000	122 000	119 000	119 500
Tenesteområde oppvekst	73 713	75 545	74 400	71 600	71 000	71 000
Tenesteområde samfunnsutvikling	26 305	30 057	28 500	28 500	28 500	29 000
<b>Sum tenesteområder</b>	<b>250 858</b>	<b>256 727</b>	<b>252 311</b>	<b>245 269</b>	<b>241 301</b>	<b>242 077</b>

Organisasjonen har arbeidd med å utvikle og endre dei kommunale tenestene for å gjere oss rusta til å møte endra behov og nye rammevilkår. Gjennom organisasjonsutviklingsprosjektet (OU) har alle einingar vurdert tenestetilbod, samhandling, kvalitet og utviklingsbehov innafor eigen eining og kommunen samla.

Arbeidet i organisasjonen er lagt fram som strategiske val og avgjerdssgrunnlag for rådmann i økonomiplanarbeidet. Forslaga er lagt til grunn i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for neste 4-års periode. I 2015 er det nødvendig å planlegge og skape handlingsrom for endringane.

### Helse og omsorg

Gjennom arbeidet med kommunedelplan helse og omsorg lyt kommunen utgreiie og utvikle eit moderne tenestetilbod i samsvar med samhandlingsreforma og andre nasjonale føringer.

Under dette er det framlegg om å utvikle og byggje opp tenestetilbodet i samsvar med «omsorgstrappa»:

- etablere helsehus på Daletunet med formål å styrke førebygging og rehabilitering/habilitering, kortidsplassar, avlastning, dagsenter
- redusere tal langtidsplassar, etablere døgnbemanns omsorgsplassar
- etablere demens-senter på Vaksdal Sjukeheim

Rådmann gjer framlegg om å etablere eit forprosjekt i 2015 for å

- greie ut om mogelegheitar og kostnader ved ei slik omlegging
- planlegge for ei trinnvis etablering

### Oppvekst

Kommunen har satsa på barnehageutbygging og i 2014 har to nye, moderne barnehagar opna på Vaksdal og Stanghelle. OU –prosessen i barnehage har tatt utgangspunkt i behov for fagleg utvikling framover og dette er satsinga i planperioden. Nedgang i barnetalet i perioden krev tilpassing av tilbodet framover, mest merkbar vert det i Stamnes og på Vaksdal, men også dei andre barnehagane merkar dette.

I kommunedelplan oppvekst er kvalitet i fag, prosessar og strukturar hovudmålet. Dei siste åra har vi ikkje nådd måla vi har satt for læringsutbytte og resultat. I ny organisering arbeider skulane tettare saman med felles planlegging og utviklingsdagar. Resultata på fleire måleområder synes å vera i betring, dette gir inspirasjon til å halde fram det gode arbeidet om eit heilskapleg skuletilbod.

Utviklinga i barnetalet i planperioden vil gje få elevar på kvart trinn i Barneskulane. Dette utfordrar den fagleg kvalitet i skulane våre. Kommunen har ingen fulldelte barneskular. Rektorane og skuleleiringa peikar på dei utfordringane utviklinga i barnetalet og inntektene våre vil gje for skulen vår i framtida. I deira framlegg til rådmann tilrår dei ei nytenking rundt skulestruktur for å kunne sikre eit fagleg godt tilbod som gir godt læringsutbytte for elevane i kommunen, saman med effektiv skuledrift.

Dei tilrår å utvikle og byggje opp ein moderne og framtidsretta skule for alle elever i kommunen og vurdere korleis både heilskafeleg fagleg utvikling saman med skulestruktur kan støtte opp under denne. Ordninga med lån med rente-kompensasjon kan nyttast, men gjeld for kort tid framover. Kommunereforma er også eit viktig moment i denne vurderinga. Me har mogelegheit for å gjere strategiske vegval no for å etablere ynska skuletilbod i framtida.

Rådmann legg til rette for å

- greie ut om mogelegheitar ved ulike alternativ for skulane i Vaksdal i planperioden. I samanheng med godkjenning av skulebygga våre er det i år lagt opp til ei tilstandsvurdering og kostnadsoverslag av rehabiliterig av Dale barne- og ungdomsskule, det er naturleg at denne analysen blir tatt med i ei samla vurdering.
- vurdere løysingar for barnehagane som opplever svikt i barnetalet

### **Samfunnsutvikling**

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2030. Spanande prosessar som vil påverke utviklinga i vårt område er m.a

- KVU Arna –Voss, planlegging av ny veg og bane på strekninga
- rullering av kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, kommunedelplanar
- kommunestruktur
- senterstruktur i Hordaland

«Bynært bygdeliv» i kommunen sin profil handlar også om verdiar, kultur og identitet som vi ønskjer å bygge vår utvikling på og skape vårt omdømme kring. Dette utfodrar oss til å tenkje nytt og utvikle oss for å skape attraktive lokalmiljø med moderne infrastruktur og eit tilpassa tenestetilbod.

God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar, næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blomstrande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit eksempel på nettopp det. Togsamband og stamveg gjennom kommunen er andre. Gjennom å synleggjere og videreutvikle våre fortynn kan vi auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.


Rådmann legg til grunn aktiv deltaking i viktige prosessar som påverkar vår utvikling i framtida. I planperioden er det viktig å skape handlingrom for utvikling. Viktige tiltak i perioden:

- Aktiv deltaking i viktige eksterne planprosessar
- Gjennomføre nødvendige planprosessar i kommunen
- Legge til rette for utbygginga på Tettaneset
- Å skaffe oversikt over kommunale eigedomar og anlegg og vurdere tilstand og ev oppgradering, avhending og ev nye behov
- Gjennomføre viktige satsningar innafor vatn og avlaup som nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt itl avlaup
- Å styrke det tverrfaglege miljøet i eininga samfunnsutvikling

## Organisasjonen og kommunen som tenesteytar

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapeleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

## Organisasjon



### Prosjekt: Organisasjonsutvikling

Prosjektet går over fire år fra 2013 -2016 og har fire hovedtema: organisering, leiing, kompetanse og system.



Målsetnadnadane for kommunen som tenesteytar er rettesnor for utviklingsprogrammet.

Første året (2013) var hovedfokus organisering etter justert modell og nødvendig oppgradering/infrastruktur av IKT. Einingsvise prosjekt for kartlegging, analyse og best mogeleg organisering kom i gang.


I 2014 har alle einingane vidareført arbeidet og har nytta grunnlaget til å identifisere effektivisering gjennom heilskapleg arbeid og betre samhandling på tvers. Analysane og forslaga er til grunn for arbeidet med budsjett- og økonomiplan for 2015-2018. Målsetnaden har vore å få eit godt forankra avgjerdsgrunnlag for strategiske val og prioriteringar framover når rammevilkåra våre endrar seg.

Vidare i prosjektperioden er fokuset framleis på organisering, leiing, kompetanse og system og gjennomføring av strategiane som er lagt.

Programmet har ei rekke delprosjekt. Systemarbeid knytt til interkontroll og kvalitetsutvikling, brukarundersøkingar, medarbeidarundersøking, bruk av relevante styringsdata og gevinstrealisering som arbeidsmetode er døme på det. Alle prosjekta handlar grunnleggande om utvikling av arbeidprosessar, kompetanse og samhandling slik at vi som organisasjon på best mogeleg måte kan løyse oppgåvene våre og oppnå resultat i samsvar med vedtatte mål.

Kompetanse og fag er grunnmuren for prosjektet og for organisasjonen som tenesteyter og serviceorganisasjon. Menneska som utgjer organisasjonen er til ei kvar tid den viktigaste ressursen vi har for å løye vår faglege hovudoppgåve.

Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen. Etter ny organisering skal det vere tydelege leiarnivå og kven som kan ta avgjerder på desse nivåa. Leiarutviklingsprogram skal støtte opp under denne målsetnaden og gjelde for heile organisasjonen. Avdelingsleiarrolla er styrka og vert satsa på i den nye organisasjonen.



### **Etikk**

Alt handlar på ein eller annan måte om møte mellom menneske.

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. I OU-prosjektet er etikk tatt inn som eige deltema. I einingane er etikk og etiske problemstillingar eit sentralt tema i HMT – arbeidet og i arbeidet med kvalitetsutvikling

**Internkontroll** er nært knytt til verksemdstyring og kvalitetsutvikling. I OU prosjektet er det etablert eit eige delprosjekt knytt til internkontroll og kvalitetssystem.

### **Openheit og innsyn/Digital kommunikasjon med innbyggjarane**

Kommunen ønskjer openheit og innsyn i forvaltinga. I dei siste åra er det tatt i bruk ny teknologi for å kunne imøtekomma dette på ein betre og sikrare måte. Det er også iverksatt tiltak for å styrke kompetansen i organisasjonen. Gjennom aukande digitalisering i samfunnet generelt er forventningane til innsyn og offentlegheit via digitale løysingar sterkt aukande. Kommunen må tilpasse seg denne utviklinga gjennom auka kompetanse og gode digitale løysingar. Konkret er arbeidet tatt inn som del av OU prosjektet. Vaksdal skal i 2015 ta i bruk KS sin nye Svar Ut løysing for digital kommunikasjon med innbyggjarane og næringsliv.

### **Beredskap**

Arbeid med overordna Risiko og sårbarheitsanalyse skal vera ferdig i 2014 og ny beredskapsplan vert utarbeidd i 2015.

### **Personal**

Vaksdal kommune sin arbeidsgjevar politikk har viktige målsetjingar for personalområde

- Kommunen skal framstå som ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgjevar med myndiggjorte medarbeidarar.
- Sikre kommunen nødvendig kompetanse for å nå vedtekna mål.
- Utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Å stimulere til kreativitet og nytenking.
- Arbeida aktivt og systematisk med arbeidsgjevarsørsmål på alle nivå i organisasjonen.
- Å avklare rammevilkåra for dei tilsette

### **Sjukefråver**

Målsetnaden om eit sjukefråver i den kommunale organisasjonen på **7 %** vert vidareført.

Sjukefråveret i kommunen er for høgt og arbeidet vårt for å redusere sjukefråveret vert no gjennomgått og forsterka ytterlegare i perioden. Det vert etablert ei intern arbeidsgruppe for å styrke dette arbeidet og staben vil gje forsterka bistand til leiarane i deira arbeid.

**Medarbeidarundersøkingar** vert gjennomført i 2015 og 2017. Målet er ein svarprosent på min 65%.

Aktiv bruk av vårt nye intranett **Skyttelen** for intern kommunikasjon og tilgang til alle gjeldande rutiner og retningslinjer i organisasjonen.

### **Omristing og endring**

Alle organisasjonar er i stadig endring. I vår organisasjon har vi justert organisasjonsstrukturen dei siste åra, samstundes som me arbeidar for å tilpasse oss endra behov, oppgåver og inntekter. For tilsette i kommunen kan endringssprosesser gjere at ein får nye kollegaer, nye arbeidsoppgåver, nye måtar å arbeide på eller andre faglege utfordringar. Dette kan vere inspirerande og motiverande, men for nokon også føre til utryggleik og stress.

Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og omristing. Her er kommunen sine rutinar for omristing, omrillingssutval, stillingsutval og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen viktig verkty for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte.

### **Rekruttering og lærlingar**

I 2014 har det har vore god søknad på dei flest stillingane, men rekruttering av leiarar og tilsette med spesialistkompetanse er meir krevjande. For å sikre god rekruttering til helse og omsorg vil kommunen i 2015 halde fram med å delta i programmet for desentralisert sjukepleiarutdanning. I tillegg vert det starta eit kvalifiseringsprosjekt som tilbod for personar som ynskjer arbeid innafor helse og omsorgssektoren. Kommunen har mål om å ha 8 lærlingar kvart år i perioden.

## Tenesteområda i planperioden

### Oppvekst

Kommunen har 4 barnehagar og 5 skular, i tillegg kjøper me skuleplassar til elevar frå Eidsland i Modalen kommune. Kommunen yter tilskot til Modalen for førskuleborn frå Eidsland og Modalen som går i barnehage i Modalen. Avtalane med Modalen kommune gjeld ut skuleåret 2014/2015.

I rammene for tenesteområde oppvekst ligg grunnskuletilbod, barnehagetilbod, PPT, voksenopplæring og sentralt skulebudsjett.

Kostnadsnivået for skule pr 2013 ligg om lag på nivå med kommunegruppa, men er høgare enn fylket og landet. Kostnadsnivå i barnehage ligg i 2013 under kommunegruppa, fylket og landet, noko som mellom anna skuldast at færre barn går i barnehage i vår kommune.

Vaksdal har over tid hatt mange elevar med spesialundervisning, i 2013 17,4 medan snittet i landet ligg rundt 8% og kommunegruppa 10%. Skulen har jobba med endringar i fleire år og tilpassa opplæring er styrka. Avviket er synkande og i 2014 kan det sjå ut som me vil sjå gode resultat av arbeidet. PPT i har stort fokus på arbeid med systemretta arbeid i skulane og barnehagane våre i tillegg til individretta sakkunnig arbeid.



### Mål for tenesteområde oppvekst 2015 -2018

*Å fremje barna og elevane si faglege og sosiale utvikling i tråd med sentrale og lokale målsettinger gjennom omsorg, lek, læring og dansing*

Vi skal bli enda betre kvalifisert til å utøva våre roller som aktive oppveksteigarar i ein kunnskapsutviklende styringsdialog, og som aktive oppvekstleiarar gjennom eit leiarskap som fremja medarbeidarskap

Dei faglege måla for nasjonale prøvar og grunnskulepoeng har me ikkje nådd dei siste åra. Skulane har arbeidd godt med tiltak for å auke læringsutbytte og snu trenden. For skuleåret 13/14 er resultatata betre, sjølv om me framleis ligg under snittet for landet.

#### Vaksdal kommune, grunnskulepoeng (kunnskapsløftet)

	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Vaksdal kommune	38,4	37,6	37,2	36,3	38,6
Hordaland fylke	40,7	40,4	40,7	40,3	40,9
Nasjonalt	39,9	39,9	40,0	40,1	40,4

Hovudutfordringa for perioden innan oppvekst samla er den låge barnetalsutviklinga. Fødselstala i kommunen viser ein nedgang frå 2010 til 2013. Tal barn totalt i kvart årskull vil ligge under 50 barn dei første åra, og dei neste åra under 40 barn. Det er særleg områda Stamnes, Eidslandet og Eksingedalen som går ned, men òg samla barnetal på Vaksdal, Stanghelle og Dale vil vi ligga lågare enn det dei har gjort dei siste åra.

## Oversikt barnetal i dei ulike bygdene (pr. okt. 2014)

Fødselsår	-14	-13	-12	-11	-10	-09	-08	-07	-06	-05	-04	-03	-02	-01	-00	-99
Vaksdal	11	8	13	12	13	23	19	29	14	22	18	5	17	0	0	0
Stanghelle	7	8	8	10	17	6	9	11	9	13	8	13	8	0	0	0
Dale	13	16	8	19	16	22	10	9	14	13	7	12	10	42	56	44
Stamnes	2	3	4	3	0	8	8	5	7	2	3	5	4	0	0	0
Eidslandet	0	1	0	0	0	1	0	3	1	0	1	2	0	3	2	2
Eksingedalen	0	0	1	0	0	3	1	0	1	2	0	3	0	1	2	0
Samla	33	36	34	44	47	60	47	57	46	52	37	40	39	43	58	44

For å tilpasse oss elevtalet og rammene i økonomiplanen må drifta reduserast i perioden om strukturen er lik. Det betyr at vi i økonomiplanperioden vil redusera vaksen- og pedagogtettleiken. For å møte dette arbeider både barnehagar og skular med å auka kompetanse på alle nivå. Ulike organiseringar av elevgrupper i skulen vert prøvd for å frigjera ressursar til å dela aldersblanda årssteg i faga norsk, engelsk og matematikk, og auka kvaliteten på ordinær undervisning for å minke spesialundervisning.

Den desentraliserte skulestrukturen med nærmiljøskular gjer at vi idag berre har fådelte skular, forutanom ungdomstrinnet på Dale. Dette er ressurskrevjande og det gjev små og mindre robuste fagmiljø for det pedagogiske personalet.

Når ressursramma til skulane skal reduserast, er det viktig å vurdera kvaliteten på opplæringa til elevane opp mot ei eventuell endring av skulestruktur. Det er eleven sitt læringsmiljø som skuleeigar har ansvar for, ei opplæring som tek omsyn til eleven si føresetnad for læring og utvikling. Eventuelle strukturelle endringar kan vera ønskjeleg om:

- Det sikrar betre kvalitet på tilbodet til den einskilde eleven
- Dette gjev meir kvalitativ effekt av samla tilgang på ressursar og kompetanse
- Dette gjev kommunen best mogeleg utgangspunkt for å bygge ut ein framtidssretta arena for læring, lokalitetar som stimulera til læring og vekst



For å nyte heile kapasiteten på dei ulike avdelingane i barnehagane må vi vurdera i kva grad vi kan ha opne alle avdelingane i alle barnehagebygga. Kapasiteten i dei nye barnehagane på Stanghelle og Vaksdal må nyttast kostnadseffektivt.

Det lyt gjerast ei grundig og heilskapleg vurdering av barnehagane og skulane i Vaksdal i høve tilpassing til barnetalsutviklinga i kommunen og tal barn i dei ulike bygdene. Ulike perspektiv som læringsmiljø, lokalmiljø, økonomi, drift/vedlikehald av bygningar og bustadutvikling må vurderast.

Kjøp av teneste frå andre kommunar i høve skule- og barnehageplassar gjer òg at vi bind ein stor økonomisk ressurs som vi ikkje kan nytte til auka fleksibilitet i eigne einingar. For å redusera denne kostnaden kan ein ved å flytte elevane som i dag går på Mo skule, Modalen, til Stamnes skule og ev. Eksingedalen skule. Det vil det styrka læringsmiljøet ved desse skulane med at det vert fleire elevar på dei ulike årsstega. Avtalen med Modalen kommunen er gjeldande ut skuleåret 2014-2015. Vaksdal betalar årleg refusjon for elevane i Modalen tilsvarande gjesteelevordninga for enkeltelevar i fylket. Det betyr vesentleg auka kostnadar for Vaksdal. Det same gjeld tilskot til barnehage i Modalen der born heimehøyrande i Vaksdal har fått tilbod om plass i Modalen. Dette tilskotet er ikkje lovfesta.

## Helse og omsorg




Helse- og omsorgstenestene i Vaksdal kommune går inn i økonomiplanperioden med ei klar målsetning om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande innsats. Grunna for dette er både faglege og økonomiske.

Kommunen står framfor store utfordringar i åra framover, og ein må ta grep for å få betre samsvar mellom rammer og drift. Meir satsing på tiltak lenger nede i omsorgstrappa vil vera økonomisk gunstig samstundes som det er i tråd med tilrådingar frå fagfeltet, kommunale planar og nasjonale føringar.

I omsorgstrappa det vert referert til, finn ein på dei lågaste stega førebyggjande tiltak, samarbeid med brukarar, pårørande og frivillige, rehabilitering og tenester som vert gitt i heimen. På dei øvste stega kjem dei dyraste og mest omfattande og spesialiserte tilboda i kommunehelsetenesta slik som sjukeheimspllassar og spesialpllassar på institusjon, t.d. for demens og palliasjon (døyande). Vaksdal har stort fokus på dei øvste stega og treng å vri innsatsen meir over mot tenester ein finn lengre nede i trappa.

## Omsorgstrappa



Med det utfordringsbiletet me ser framover, vert det viktig å vri tenestene over mot meir satsing på helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tiltak. Talet på sjukeheimspllassar må tilpassast til desse endringane, og det vert viktig å framleis satsa på ei godt utbygt og godt fungerande korttidsavdeling. Heile kommunen må ha med seg viktigeita av å leggja til rette for god folkehelse, og alle planar og utgreiingar bør ha med seg dette aspektet. Alle tenesteområde, einingar og avdelingar må samarbeida for at tenestene skal verta heilsakaplege. Me må også tilpassa oss til framtidige utfordringar og jobba vidare med å utvikla kompetanse, metodar og tilbod. Innanfor helse og omsorg ser ein på nye innovative løysingar som inneber nye metodar og måtar å gjera ting på. Dette skil seg frå fagleg utvikling der ein vidareutviklar metodar ein alt nyttar. Den nye

rehabiliteringsmetoden kvardagsrehabilitering og bruk av teknologi er døme på innovasjon innanfor helse og omsorg.

Utviklinga er i samsvar med kommunale planar og sentrale føringar. Samhandlingsreforma sin intensjon om meir satsing på helsefremjing og førebygging er alt nemnt. Desse føringane er også tydelege i gjeldande stortingsmeldingar, NOU-ar og nasjonale helse- og omsorgsplanar. "Morgendagens omsorg", Meld. St. 29 (2012-2013) har som hovudsiktemål å: - leita fram, mobilisera og ta i bruk samfunnet sine omsorgsressursar på nye måtar, - utvikla nye omsorgsformer gjennom ny teknologi, nye faglege metodar og arbeidsformer og endringar av organisatoriske og fysiske rammer, - understøtta og styrkja kommunane sitt forskings-, innovasjons- og utviklingsarbeid.

Arbeidet med kommunedelplan helse og omsorg er starta med utval for levekår som styringsgruppe og ein vil gjennom planarbeidet jobba vidare med utvikling av helse- og omsorgstenestene i kommunen.

Første halvår 2014 har sjukeheim- og heimetenesta jobba med sitt utviklingsarbeid (OU). Dei mest aktuelle samarbeidspartane frå folkehelse og familie har også delteke i arbeidet. Målet har vore å utvikla eit heilskapleg helse og omsorgstilbod. Dette er tilpassa nye oppgåver som vil følgja av Samhandlingsreforma. I Vaksdal kommune er det tilrettelagt for at brukarar av helse og omsorgstenester skal få fleksible tenester tilpassa sine behov. I størst mogeleg grad skal desse tenestene givast i eigen heim.

Viktige stikkord i dette utviklingsarbeidet har vore:

- Førebygging.
- Rehabilitering og habilitering.
- Læring og meistring.
- Psykisk helse.
- Eigenomsorg/bu i eigen heim.
- Bruka velferdsteknologi.



Utfordringar ein har hatt fokus på under arbeidet:

- Skapa eit godt tenestetilbod innanfor realistsike økonomiske rammer.
- Byggja ut omsorgstrappa med steg som manglar heilt eller delvis.
- Vri tenestene frå institusjonstilbod til meir heimebasert omsorg med fokus på tidleg innsats og førebygging.
- Satsing på kvardagsrehabilitering.
- Byggja/byggja om omsorgsbustadar med mogelegheit for heildøgn bemanning tilpassa ulike brukargrupper.
- Spesialisera og reindyrka dei to store institusjonane med ulik kompetanseprofil og effektiv bruk av plassar.
- Meir systematisk samarbeid med frivillige og pårørande.
- Betre oversikt og bruk av styringsdata.
- Sikra kompetanse og kvalitet ved tildeling og forvalting av tenester.
- Rekruttera og beholda tilsette ved å satsa på å skapa eit spanande og fagleg utviklande arbeidsmiljø som er opent for innovasjon og nye løysingar for å møta framtida.
- Styrka samhandling på tvers av einingar og sikra rett kompetanse på rett plass til rett tid.
- God utnytting av velferdsteknologi i alle tenester.

For å nå målet og ta høgde for utfordringane vil ein i økonomiplanperioden arbeida med følgjande tiltak som vil snu ressursbruken ytterlegare over frå institusjon til heimebaserte tenester og nedover frå dei øvste stega i omsorgstrappa:

- Tilpassa tal sjukeheimslassar etter trond og i samsvar med andre tilbod som heimetenester og døgnbemanna omsorgsbustadar.
- Oppretta ressurssenter for personar med demens og relaterte lidinger på/i tilknyting til Vaksdal sjukeheim. Bustadane ved Jamnetunet kan verta ein del av tenestetilbodet.
- Etablira helsehus ved Daletunet omsorgssenter der avdelingar og yrkesgrupper som jobbar med førebygging, utgreiing og behandling rundt same brukargrupper kan samlokalisera for å leggja til rette for betre samarbeid og effektivitet. Innhaldet i dette huset kan bli: korttidsavdeling, legekontor, forvaltningskontor, langtidslassar for somatisk sjuk, base for heimebasert omsorg, base for avdeling psykisk helse, poliklinisk verksemd i samarbeid med spesialisthelsetenesta, etablering av bustader med bemanning – anten i eksisterande bustader eller i nybygg tilknytt Daletunet.
- Avvikling av sjukeheimslassane i Modalen frå 2016 (avtale om leige går ut)
- Starta med kvardagsrehabilitering. Aktuelle brukarar får tilbod om trening og tilrettelegging for å verta meir sjølvhjelpe i staden for eller i tillegg til ordinær heimesjukepleie eller heimehjelp.
- Auka ressursfokus i møte med brukarar. Bruk av helsepedagogikk og liknande metodar.
- Meir samarbeid med pårørande og frivillige. Gjennom brukarundersøkingar, faste møte og rundt spesielle tiltak og aktivitetar.
- Ta i bruk teknologiske løysingar og hjelphemiddel for å effektivisera drift, frigjera tid til meir direkte pasientkontakt og tilretteleggja for at brukarar skal meistra meir i daglelivet
- Styrka samarbeid på tvers av avdelingar, einingar og tenesteområde. Gjennom felles utgreiing og behandling av aktuelle brukarar/brukargrupper og gjennom felles satsing på nye tenester som kvardagsrehabilitering. Samarbeida med tenesteområde oppvekst og samfunnsutvikling for å betra oppvekstvilkår og folkehelse.



Summen av denne omstruktureringa vil føra til redusert ressursbruk, som vil gjera at ein kan oppnå målsetjinga i økonomiplanperioden. Ved å redusera talet på sjukeheimslassar kan ein frigjera ressursar til oppbygging av heimebasert omsorg og tiltak på lågare steg i omsorgstrappa. I tillegg til ei meir bærekraftig teneste, vil ein også ved denne omlegginga byggja opp 2 solide fagmiljø innanfor institusjonsomsorga. Dette kan vera viktig å få på plass også med tanke på framtidig prosess med kommunesamarbeid eller samanslåing.

### Mål økonomiplanperioden 2015 – 2018:

- I løpet av økonomiplanperioden skal det merkast at tenestene i Vaksdal kommune har fått ein vri over mot meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande arbeid.
- Me skal møta brukarane med eit ressursorientert perspektiv.
- Me skal auka samarbeid med pårørande og frivillige.
- Me skal arbeida målretta saman på tvers av avdelingar og tenesteområde.
- Me skal jobba for å utvikla kompetanse og metodar for å vera budd på morgondagen sine utfordringar.
- Me skal ta i bruk teknologiske løysingar.
- Me skal jobba vidare med tiltak som utviklingsarbeidet til sjukeheims- og heimetenesta føreslår, m.a. ressursbase for demens på Vaksdal sjukeheim og Helsehus på Daletunet.
- Det skal utarbeidast kommunedelplan for helse og omsorg.

## Samfunnsutvikling

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2030.



Spanande prosessar som vil påverke utviklinga i vårt område er m.a

- KVU Arna –Voss, planlegging av ny veg og bane på strekninga
- rullering av kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, kommunedelplanar
- kommunestruktur
- senterstruktur i Hordaland



«Bynært bygdeliv» i kommunen sin profil handlar også om verdiar, kultur og identitet som vi ønskjer å bygge vår utvikling på og skape vårt omdømme kring. Dette utfodrar oss til å tenkje nytt og utvikle oss for å skape attraktive lokalmiljø med moderne infrastruktur og eit tilpassa tenestetilbod.

God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar, næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blomstrande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit eksempel på nettopp det. Togsamband og stamveg gjennom kommunen er andre. Gjennom å synleggjere og videreutvikle våre fortrinn kan vi auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.

Rådmann legg til grunn aktiv deltaking i viktige prosessar som påverkar vår utvikling i framtida. I planperioden er det viktig å skape handlingrom for utvikling. Viktige tiltak i perioden:

- Aktiv deltaking i viktige eksterne planprosessar
- Gjennomføre nødvendige planprosessar i kommunen
- Legge til rette for utbygginga på Tettaneset
- Å skaffe oversikt over kommunale eigedomar og anlegg og vurdere tilstand og ev oppgradering, avhending og ev nye behov
- Gjennomføre viktige sastsingar innafor vatn og avlaup som nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt itl avlaup
- Å styrke det tverrfaglege miljøet i eininga samfunnsutvikling

## Del 2 - Budsjett 2015

Budsjettkjema 1A - drift	R-2013	B-2014	B-2015
Skatt på inntekt og formue	91 731	92 500	92 700
Ordinært rammetilskudd	138 240	144 618	144 380
Skatt på eiendom	35 200	35 500	34 000
Andre direkte eller indirekte skatter	3 169	3 070	3 050
Andre generelle statstilskudd	11 609	3 120	3 170
Sum frie disponible inntekter	279 949	278 808	277 300
Renteinntekter og utbytte	5 222	3 310	1 798
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	9 338	2 000	2 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	6 835	10 000	10 700
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 327	-	-
Avdrag på lån	9 944	10 550	11 900
Netto finansinnt./utg.	-3 546	-15 240	-18 802
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-
Til ubundne avsetninger	10 548	13 548	-
Til bundne avsetninger	7 515	3 070	3 070
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	9 385	13 340	-
Bruk av ubundne avsetninger	238	145	150
Bruk av bundne avsetninger	3 703	4 162	4 488
Netto avsetninger	-4 736	1 029	1 568
Overført til investeringsbudsjettet	20 809	7 870	7 755
Til fordeling drift	250 858	256 727	252 311
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	-	-	-
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>250 858</b>	<b>256 727</b>	<b>252 311</b>
Overskot i %	7,5 %	3,0 %	3,0 %

Skjema 1B	R-2013	B-2014	B-2015
Fellesområde Økonomi	18 421	19 519	22 411
Tenesteområde helse og omsorg	132 419	131 606	127 000
Felleskostnader Helse og omsorg	5 943	7 294	3 000
Folkehelse og familie	22 766	23 312	24 000
Sjukeheimar	54 628	53 000	48 000
Heimeteneste	49 082	48 000	52 000
Tenesteområde oppvekst	73 713	75 545	74 400
Felleskostnader oppvekst / PPT	5 993	7 234	3 600
Skule	49 165	47 266	48 800
Barnehage	18 555	21 045	22 000
Tenesteområde samfunnsutvikling	26 305	30 057	28 500
<b>Totalsum</b>	<b>250 858</b>	<b>256 727</b>	<b>252 311</b>

## Vedlegg 1. Tenesteområde og einingar

### Oppvekst

Kommunen har 4 barnehagar og 5 skular, i tillegg kjøper me skuleplassar til elevar frå Eidsland i Modalen kommune. Kommunen yter tilskot til Modalen for førskuleborn frå Eidsland og Modalen som går i barnehage i Modalen. Avtalane med Modalen kommune gjeld ut skuleåret 2014/2015.

I rammene for tenesteområde oppvekst ligg grunnskuletilbod, barnehagetilbod, PPT, vaksenopplæring og sentralt skulebudsjett.

Kostnadsnivået for skule pr 2013 ligg om lag på nivå med kommunegruppa, men er høgare enn fylket og landet. Kostnadsnivå i barnehage ligg i 2013 under kommunegruppa, fylket og landet, noko som mellom anna skuldast at færre barn går i barnehage i vår kommune.

#### Mål for 2015:


- Folkevalt og administrativ oppveksteigar, og oppvekstleiarar skal få auka kunnskap og ferdigheter i dialogbasert styring, god leiing og organisasjonsutvikling av barnehagen og skulen
- Vi skal arbeida målretta saman på tvers av avdelingar, einingar og tenesteområde for å betra oppvekstvilkåra i kommunen
- Auka kompetansen i personalet knytt til innhold og pedagogiske praksis gjennom lærande møteplassar

#### Tiltak i 2015:

- Leirarar i barnehage, skule og PPT gjennomfører utdanningsprogram for godt eigarskap, godt leiarskap og godt medarbeiderskap i barnehage og skule
- Utarbeide og gjennomføre system for kvalitetsoppfølging i barnehage og skule
- Møteplassar vert lagt til rette som lærande møter på alle nivå
- Kartlegge born og unge si psykiske helse så langt det let seg gjera for å få godt faktagrunnlag for å planleggja felles tiltak

#### Elevtalsprognosar:

	2014/-15	2015/-16	2016/-17	2017/-18	2018/-19	2019/-20
<b>Vaksdal skule</b>	124	130	138	132	123	117
<b>Stanghelle skule</b>	71	69	73	75	70	69
<b>Dale b&amp;u, barnesteg</b>	75	87	91	103	90	100
<b>Stamnes skule</b>	34	38	33	33	35	31
<b>Eksingedalen skule</b>	7	10	7	7	6	5
<b>Eidslandet (Mo skule)</b>	7	8	6	5	5	5
<b>Dale b&amp;u, ungdomsteg</b>	142	137	116	110	121	130
<b>Eidslandet (Mo skule), ungdomsteg</b>	7	5	5	3	3	2
<b>Eksingedalen skule, ungdomsteg</b>	3	3	4	3	5	3
<b>Samla</b>	470	487	473	471	458	462



	Just.budsjett 2014	BUDSJETT 2015
<b>Tenesteområde oppvekst samla</b>		<b>74 400 000</b>
- Felleskostnadar /PPT'	7 234 000'	3 600 000
- Skule	47 266 000	48 800 000
- Barnehage	21 045 000	22 000 000

Justert budsj. 2014 innholdt fordeling enringar i endeleg statbudsjett og vedtak tertial. I opprinnelige budsjettramme var felleskostnader inkludert i ramme skule. I B2014 var det gjort budsjetteringsfeil ved to skular jf tertial 2-2014, noko som gjorde rammene strammere enn realiteten, drifta er retta opp frå hausten.

#### Endringer i ramme 2015:


Endringer er på skule er i samsvar med gjeldande økonomiplan. Vedtatt tillegg i tertial 1-2014 vert gjennomført innan ny ramme med midlar som var feilbudsjettert i årets budsjett jf. tertial 2-2014. Kostnader ved kjøp av skuleplassar, leirskule og skyss er lagt inn i ramma for skule. Felleskostnader er PPT og felleskostnader for tenesteområde oppvekst.

Med føresetnad for å oppretthalde organisatoriske rammer i barnehage og skulen for budsjettåret 2015 foreslår oppvekst følgjande tiltak:

- Ein barnehage har ope i feriar viss meldt behov frå og med 2015
- Ein skule har ope SFO i sommarferien viss meldt behov frå og med 2015
- Elevar frå Eidslandet får skuleplass på Stamnes/Eksingedalen frå og med hausten
- Barn frå Eksingedalen og Eidslandet får tilbod om barnehageplass på Stamnes frå og med hausten 2015 , tilskot til barnehagen i Modalen kommune går ut
- Organisering og tal avdelingar i den einskilde barnehage vert å vurdera etter hovudopptaket mars 2015
- Alle med rett til plass i barnehage får plass, andre vert tatt inn ved ledig kapasitet.
- Gjera ei grundig og heilsakleg vurdering av barnehagane og skulane i Vaksdal i høve tilpassing til barnetalsutviklinga i kommunen og tal barn i dei ulike bygdene for ev endring av barnehage- og skulestruktur

Vidare vert mål, tiltak og resultatmål for einige barnehage og eininga skule presentert. Visjonar og mål er henta frå Kommunedelplan Oppvekst mot 2020.

#### Andel barn 1-5 år med barnehageplass



## Barnehage



Barnehagane i Vaksdal har som visjon:

*"I barnehagen vår vert alle sett og verdsett, me er blant dei beste på samarbeid mellom barnehage, heim og lokalsamfunn. Barnehagen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande".*

### Mål for planperioden 2015 – 2018

- I vår barnehage har med eit tett samarbeid med heim og lokalsamfunn med særleg fokus på fagområdet *nærmiljø og samfunn*
- I vår barnehage er fagområda *kommunikasjon, språk, tekst og tal, rom og form* synleg i all aktivitet og leik
- I vår barnehage står leiken sentralt. Vi er fysisk aktive, kreative og nytenkjande i eit trygt og utviklende leike- og læringsmiljø.

### Mål for 2015

- Føresette og barn skal føle seg velkommen og ivaretatt i barnehagen
- Fagområdet språk og kommunikasjon skal være synleg i daglege aktiviteter og leik
- Skapa felles holdninger og arbeidsmåter i personalet for å fremje meistring og positive relasjoner hos alle barn



#### Resultatmål:

- Brukerundersøking vår 2015 med 70 % deltaking og resultat over gjennomsnitt i landet (undersøking er tidlegare ikke gjennomført i Vaksdal)
- Gjennomføre Tras på alle 3 og 5 åringer i vårhavåret, resultat kartleggingsprøve 1. kl
- Endringsplan og arbeidsmåter etter prinsipp i DUÅ synleg i alle avdelingar og grunnlag for utarbeiding av tiltak for einskildbarn og barnegrupper, og ved oppmelding til PPT. Redusera tal barn som utviklar behov for spesialpedagogisk hjelpetiltak

### Tiltak i 2015

- Temaplan for språkstimulering bygd på kommunal plan for utvikling av språk og sosial kompetanse
- Kompetanseutvikling innan systematisk språkstimulering med særleg fokus på minoritetesspråklege og barn med forseinka språkutvikling
- Oppfølging og implementering av DUÅ gjennom systematisk rettleiling
- Kompetanseutvikling innan rolleforståing, fagleg utviklingsarbeid og tilrettelegging for barn med særlege behov,
- Redusere sjukefråvær og vikarbruk
- Arbeid med internkontrollsysteem i heile eininga
- Vidareføre arbeid med økonomistyring og kostnadskontroll
- Investering og bruk av IKT både som administrativt og pedagogisk verktøy

## Skule

Grunnskulen i Vaksdal har som visjon:

*"Me er blant dei beste på samarbeid mellom skule, heim og lokalsamfunn. I skulen vår vert alle sett og verdsett, derfor har vi eit godt læringsmiljø med gode faglege resultat. Skulen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande".*



### Mål for planperioden 2015 – 2018

- I vår skule har vi eit godt samarbeid med heim og lokalsamfunn
- I vår skule arbeider vi for at alle elevar får auka læringsutbytte og når sitt maksimale faglege nivå med høg grad av meistring
- I vår skule har vi elevar med høg grad av trivsel i eit godt fysisk- og psykososialt miljø

### Mål for 2015

- Foreldre/ føresette opplever godt samarbeid med låg terskel for formell og uformell kontakt om elevane si faglege og sosiale utvikling
- Elevane opplever seg trygg og anerkjent i skulekvardagen
- Medarbeidarar i skulen skal vidareutvikla eigen praksis i medskaping med kollega for å fremja læring for elevane

### Resultatmål for 2015 og planperioden 2015 - 2018

- Foreldreundersøking med 70 % deltaking og resultat over gjennomsnittet i landet
- Elevundersøking med resultat over gjennomsnittet i landet på indikatorane *støtte frå lærar, vurdering for læring, læringskultur, meistring, elevdemokrati og medverknad, og mobbing på skulen*
- Nasjonale prøvar, grunnskulepoeng, del elevar spesialundervisning

### Tiltak i 2015

- Systematisk arbeid med elevane sitt skolemiljø, jf. internkontroll §9A
- Møteplassar om utviklingsarbeid vert lagt til rette som lærande møter på alle nivå
- Oppstart og gjennomføring av vurdering for læring med fokus på vurdering av elevane sitt utbytte
- Førebuing og oppstart skulebasert kompetanseutvikling (SKU) i lesing og klasseleiing for ungdomstrinnet (nasjonal satsing)
- Systematisk arbeid med PALS som verktøy for auka sosial utvikling
- Redusera sjukefråværet
- Arbeida med internkontrollsysteem i heile eininga
- Vidareføre arbeid med økonomistyring og kostnadskontroll

Indikator	Nivå	2014*	Mål for planperioden (gjennomsnitt 5 siste åra)			
			2015	2016	2017	2018
Lesing 5. årssteg	Nivå 1		27 %	26 %	25 %	25 %
	Nivå 3		20 %	21 %	22 %	23 %
Rekning 5. årssteg	Nivå 1		28 %	27 %	26 %	25 %
	Nivå 3		22 %	23 %	24 %	25 %
Engelsk 5. årssteg	Nivå 3		20 %	21 %	22 %	
Lesing 8. årssteg	Nivå 4		20 %	21 %	22 %	
	Nivå 5		10 %	11 %	11,5 %	
Rekning 8. årssteg	Nivå 4		19 %	20 %	21 %	
	Nivå 5					
Engelsk 8. årssteg	Nivå 4		15%	16 %	17 %	
	Nivå 5		8 %	9 %	10 %	

\* Gjennomsnitt dei 5. siste åra i til og med 2013

Indikator	2014*	Mål for planperioden			
		2015	2016	2017	2018
Grunnskulepoeng		37,5	38	38,5	39

\* Resultat grunnskulepoeng 2014 – 10. årssteg 2013/2014

Indikator	2014*	Mål for planperioden			
		2015	2016	2017	2018
Del elevar som får spesialundervisning	17,4 %	15 %	13 %	11 %	9 %

\* Kostratal 2013

Elevtalsutviklinga i kommunen viser samla sett at det er nedgang utover i perioden.

	2014/-15	2015/-16	2016/-17	2017/-18	2018/-19	2019/-20
<b>Vaksdal skule</b>	124	130	138	132	123	117
<b>Stanghelle skule</b>	71	69	73	75	70	69
<b>Dale b&amp;u, barnesteg</b>	75	87	91	103	90	100
<b>Stamnes skule</b>	34	38	33	33	35	31
<b>Eksingedalen skule</b>	7	10	7	7	6	5
<b>Eidslandet (Mo skule)</b>	7	8	6	5	5	5
<b>Dale b&amp;u, ungdomsteg</b>	142	137	116	110	121	130
<b>Eidslandet (Mo skule), ungdomsteg</b>	7	5	5	3	3	2
<b>Eksingedalen skule, ungdomsteg</b>	3	3	4	3	5	3
<b>Samla</b>	470	487	473	471	458	462


## Helse og omsorg

Innan tenesteområde helse- og omsorg er det tre einingar: heimetenesta, sjukeheimstenesta og folkehelse og familie. Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper frå førebyggjande tiltak til bistand og helsehjelp. Målsetnaden er at den einskilde i størst mogeleg grad kan nytta eigne ressursar og meistra eige liv.

Samhandlingsreforma vart innført 01.01.2012. Intensjonen med denne reforma er at tenester skal ytast på rett nivå og så nær brukaren som mogeleg. Dette fører m.a. til forkorta liggetid på sjukehus, og at fleire brukarar skal ha tenester i heimkommunen. Førebyggjande og rehabiliterande tiltak for alle aldersgrupper står sentralt, og på alle nivå i kommunen skal ein satsa på tiltak for å betra folkehelsa.

Vaksdal kommune har mange av dei eldste eldre. Kommunen har også mange personar med diagnoser som medfører trøng for helsetenester både frå sjukehus og kommunehelsetenesta. Medfinasiering av sjukehusopphold går ut frå 2015 og midlane er tatt ut av ramma.

Talet eldre over 80 år vil minka noko i åra framover for så å auka att frå 2025.



Med det utfordringsbiletet me ser framover, vert det viktig å vri tenestene over mot meir satsing på helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tiltak. Talet på sjukeheimspllassar må tilpassast til desse endringane, og det vert viktig å framleis satsa på ei godt utbygt og godt fungerande korttidsavdeling.

Den nye rehabiliteringsmetoden kvardagsrehabilitering og bruk av teknologi er døme på innovasjon innanfor helse og omsorg.

Gruppene som har jobba med utviklingsarbeid (OU-prosjekt) innan tenesteområde helse og omsorg, er samstemte i å vri fokus over mot meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande innsats. Tiltak og satsingsområde som må utgreiaast betre, er m.a. ressursenter for demens på Vaksdal sjukeheim og oppretting av helsehus på Daletunet for å samla yrkesgrupper og fagpersonar som jobbar nært saman rundt brukarane.

Arbeidet med kommunedelplan helse og omsorg er starta med utval for levekår som styringsgruppe og ein vil gjennom planarbeidet jobba vidare med utvikling av helse- og omsorgstenestene i kommunen.

### Mål for 2015:

- I løpet av 2015 skal me få i gang nye tiltak og tenester som viser at me har starta på ein vri over mot meir førebygging og rehabilitering.
- Samarbeid med tenesteområde oppvekst for å betra oppvekstvilkåra i kommunen. I 2015 vil fokus vera å få godt faktagrunnlag for å planleggja felles tiltak.
- Arbeida vidare med tiltak og planar frå OU-arbeidet.
- Starta med kvardagsrehabilitering.
- Tilby personar med demens dagplass opp til to dagar for veka på eiga dagavdeling.
- Me skal ha ei tverrfagleg samansett gruppe som har gjennomgått kursrekka i helsepedagogikk.



<b>Tenesteområde helse og omsorg</b>	<b>Justert budsjett 2014</b>	<b>BUDSJETT 2015</b>
	<b>133 007 175</b>	<b>127 000 000</b>
- Feleskostnader/Samhandlingreformen	7 294 000	3 000 000
- Sjukeheimstenesta	53 000 000	48 000 000
- Heimetenesta	53 000 000'	52 000 000
- Folkehelse og familie	23 912 382	24 000 000

\*framlegg til justering i tertial2 -2014, ikkje vedtatt.

### Endringer i ramme 2015:

Endringane er i samsvar med gjeldande økonomiplan for sjukeheimsteneste og folkehelse og familie. For heimeteneste er ramma auka basert på drift 2014. Kostnader til samhandlingsreforma ligg under fellesområde, for 2015 er medinansiering tatt ut med kr -5,7 mill.



## Heimetenesta

Heimetenesta yter tenester til brukarar i alle aldersgrupper og med diagnosar både innanfor somatikk, psykisk helse og rus. Dei siste åra har ein fått fleire brukarar med komplekse og samansette sjukdomsbilete. Heimetenesta har ei nøkkelrolle i å vri tenester mot at den einskilte tenestemottakar skal kunne leve og bu sjølvstendig i eigen heim.

Heimetenesta er samorganisert med felles base for heimesjukepleie og praktisk bistand på Daletunet. Det gir eit godt utgangspunkt for fleksibel og rett bruk av ressursar, personell og kompetanse. Men me må sikre betre samsvar mellom budsjett og faktisk drift. Tiltaka som vart lagt til grunn etter gjennomgang i 2012 må iverksetjast. Under dette treng me å sikra at ansvar og oppgåver er føremålstenleg fordelt, og at BEON-prinsippet (beste effektive omsorgsnivå) vert følgt.

Vedtekne kriterier og lovverk vert følgt ved tildeling av helsehjelp og bistand, men det vil truleg vera eit potensiale i å nyta nye metodar som helsepedagogikk og kvardagsrehabilitering i møte med brukarar. Dette gjeld gjennom heile forløpet, ved kartlegging og vurdering av behov, ved tildeling av tenester, og ikkje minst ved oppfølging og vurdering av endringar i behov og tenester undervegs. Me har starta arbeidet med kompetanseheving i 2014, og har fleire tilsette som er i gang med kursrekke innanfor helsepedagogikk. Det er også starta planlegging for innføring av kvardagsrehabilitering som ein vil følgja opp i 2015.

### Mål for 2015:

- Dagsenter for heimebuande personar med demens skal vera i drift.
- Innføra kvardagsrehabilitering.
- Auka kompetanse innan helsepedagogikk.
- Betre utnytting av dataverktøyet PPS (sjukepleiarprosedyrar).
- Implementering av teknologiske hjelpemiddel
- Redusere sjukefråver



### Føresetnader og tiltak i 2015

- Ta i bruk nettrett for grupper og fagpersonar som med hjelp av dette kan få effektivisert arbeidet.
- Vurdere investeringar som kan resultere i reduserte driftskostnader gjennom forprosjekt helse- og omsorg
- Vurdere totaltilbodet for dagsenter i samsvar med nytt statleg krav om dagsenter for demente
- Skipe heilskap i tenesta
- Gjennomføre vedtekne strategiar i prosjekt for heimetenesta 2012
- Følgje vedtekne tildelingskriterier

## Sjukeheimstenesta

I arbeidet med å vri tenestene over mot meir førebygging og rehabilitering, vert talet på sjukeheimspllassar og bruk av desse viktig. Talet sjukeheimspllassar må tilpassast trøngten for dei, og den viktigaste indikatoren er talet eldre over 80 år i kommunen. Det må også sjåast i samanheng med øvrige tilbod i kommunen og lokale tilhøve. Godt utbygde heimetenester kan i noko grad redusera trøng for sjukeheimspllassar, men det viktigaste tilboden som kan kompensera for sjukeheimspllassar, er omsorgsbustadar med døgnbemannning. Vaksdal kommune har ikkje denne typen omsorgsbustadar, men det kan liggja til rette for å oppretta slike på Daletunet. Det vil i tilfelle krevja planlegging, strategisk plassering av bustadane med mogelegheit for felles opphaldsrom og auke i heimetenesta si bemanning.



For å oppnå heilitlege pasientforløp og auka fokus på opptrening og rehabilitering, vert bruken av korttidspllassar viktig. Det vert anbefalt at minst 20 % av sjukeheimspllassane skal vera korttidspllassar. I 2014 har Vaksdal kommune hatt 66 sjukeheimspllassar med dei fire me har i Modalen. 14 av desse er korttidspllassar. I oktober 2014 vart det redusert 2 langtidspllassar i samband med flytting av pasientar frå Vaksdal sjukeheim til Daletunet.

Lengd på opphold går ned både på langtids- og korttidspllassar, og det er stor endring i kvalitetsmessige krav til behandling og oppfølging av pasientar på sjukeheim. Sjukeheimane utfører no oppgåver som for få år sidan låg under spesialisthelsetenesta, og det vert forventa at ein skal beherska avansert medisinsk utstyr og tilby hyppig og krevjande medisinsk vurdering og behandling. Dette stiller krav til kompetanse og bemanning, og til samarbeid med mange faggrupper og avdelingar.

### Mål for 2015:

- Det skal arbeidast med alternative turnusar. Eininga deltek i nettverksarbeid.
- Det skal arbeidast aktivt med utprøving av teknologiske hjelpemiddel i samarbeid med heimetenesta.
- Det skal innførast etiske refleksjonar i avdelingane. Deltek i nettverksarbeid.
- Det skal gjennomførast brukarundersøking på korttidsavdelinga.
- Det skal gjennomførast minimum eit pårørandemøte på sjukeheimane.
- Me skal samarbeida godt med Samnanger og ta ut det potensialet som ligg i samdrift med dei på Vaksdal sjukeheim.
- Kvalitetskrav skal følgjast, og naudsynte prosedyrar skal gjennomgåast og ajourførast.
- Redusere sjukefråver

### Føresetnader og tiltak i 2015:

- Utleige av sjukeheimsavdeling til Samnanger
- Gradvis reduksjon av langtidspllassar Daletunet og Modalen (avtale utgår frå 2016)
- Vurdere investeringar som kan resultere i reduserte driftskostnader gjennom forprosjekt helse- og omsorg

## Folkehelse og familie

Eininga vart oppretta 01.01.2014 og omfattar legetenenesta, helsestasjon, barnevern, NAV, flyktningetenesta, avdeling for psykisk helse, fysioterapi og ergoterapi og miljørarbeidar for barn og unge. Dei ulike fagmiljøa som er samla innanfor eininga, er viktige i arbeidet med å tilretteleggja for god folkehelse og sikra heilskaplege tilbod til familiar og innbyggjarar i alle aldersgrupper frå nyfødde til dei eldste eldre.



Visjonen til eininga: "Me skal leggja til rette for, og bidra til, at folket i Vaksdal kommune får best mogeleg livskvalitet."

### Overordna mål:

- Syte for fagleg kvalitetssikring og kvalitetsutvikling, under dette heilskapleg kompetanseheving og gode system for tverrfagleg samarbeid og heilskapleg helse og omsorgsteneste.
- Arbeide for å styrke folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid for å sikre at den einskilde opplever størst mogeleg grad av deltaking, meistring og styring av eige liv. Det skal vera mogeleg å bu i eigen heim så lenge som råd.
- Vurdere organisatoriske tilpassingar for å sikre at arbeidsoppgåvene i helse og omsorgssektoren er rett fordelt mellom personellgruppene for å utnytta arbeidskrafta og for å oppnå best mogeleg kvalitet i tenestene, til lågast mogeleg kostnad.

### Mål for 2015:

- Så tidleg som mogeleg avdekke avvik og hjelpe born og unge, under dette familiar som står i fare for å utvikle problem
- Oppnå betre samarbeid og effektivitet ved flytting og samlokalisering av tenester som barnevern, fysio- og ergoterapi. Gjennomgang av leigeavtalar.
- Finna fram til kommunar som har gode og framtidsretta tenester og læra av dei.
- Busetja flyktningar i samsvar med politisk vedtak
- Utarbeide fagleg plattform for heilskapelege tenester for å bygge evne til å mestre eige liv
- Sikre kvalitet i alle ledd i møte med tenestemottakar
- Utarbeide opplegg for folkehelse i plan og folkehelseurderingar i all kommunal sakshandsaming

### Føresetnader og tiltak i 2015

- Søkje innovative løysingar som har i seg å utnytte ressursar i og utanfor kommunen på ein ny måte
- Omstillingar for å tilrettelegge for nye utfordringar og delta i ein heilskapleg teneste
- Effektivisera bruk av IKT verktøy
- Få ein meir effektiv struktur på miljørarbeidet.
- Starta med kvardagsrehabilitering i samarbeid med heimetenensta og forvaltningskontoret.

## Samfunnsutvikling



Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2030.

Tenesteområde	Just. budsjett 2014	BUDSJETT 2015
Samfunnsutvikling samla	28 975 000	28 500 000
- Samfunnsutvikling - inkl Turbinen	28 975 000	28 500 000

### Endringer i ramme 2015:

Endringar på samfunnsutvikling er i samsvar med gjeldande økonomiplan, meirkostnader i drifta er ikkje kompensert. Eininga får auke i inntektene sine gjennom auka timesatsar og gebyr. Ramma er inkludert Turbinen.

## Samfunnsutvikling

Eininga samlar ulike fagmiljø som saman er viktige for folkevekst, næringsutvikling/entreprenørskap, omdømme og identitet.

### Visjon: Fagleg profesjonalitet, samhandling og service skapar framtidsretta utvikling.

Spennet i kompetanse og arbeidsoppgåver innan eininga er stort, og ein ønskjer å utnytte dette gjennom å utvikle eit godt samarbeid internt. Samfunnsutvikling er eit viktig tenesteområde for mellom anna målsetnaden om å auke folketalet i kommunen. Gjennom heilskapleg og medveten tilnærming freistar me å utvikle samfunnet i ønska retning gjennom omdømme, identitet og gode tenester.

Samfunnsutvikling er organisert i avdeling for kommunalteknisk drift og avdeling for plan, kultur og forvaltning.

**Målsetjing i planperioden:**

Område	Mål	Tiltak	Resultamåling
Arbeidsmiljø	Godt arbeidsmiljø med lågt sjukefråvær	Tydelige mål og verdigrunnlag, medvirkning og tilrettelegging	Sjukefråvær på 7 % og framgang på medarbeiterundersøkinga.
Kommunale bygg	Effektiv og framtidsretta bygningsmasse	1. Kartleggje tilstand og arealbehov. 2. Naudsynt oppgradering av kommunale bygg 3. Auka arealeffektivitet. 4. Avhending av bygningsmasse.	Redusere bygningsmassen med 1,5 % årleg i perioden 2015 - 2018.
Grønt	Grøntområder skal vedlikehaldast betre, sentrumsområde vert særskilt prioritert.	Auka kompetanse på grønt. Auka timebruk på grønt med 500 arbeidstimar for 2015.	Synleg resultat og fornøyde innbyggjarar.
Brannvern	Gjennomføre tilsyn i 27 brannobjekt i 2015.	Systematisere objektene og auka fokus på førebyggande arbeid.	Rapportering
Kulturskulen	Betre utnytting av stillingsressurs/kapasitet i kulturskulen	Rekruttere nye elevar ved ny modell for kulturskuleveka 2015.	Betre balanse mellom elevtal i kulturskulen og tal på årsverk i kulturskulen
Turbinen	Auke brukstida av Turbinen og få ein større andel av kommunen sine innbyggjarar til å bruke bygget	Aktiv marknadsføring mot grupper som i dag ikkje er brukarar. Saman med lag, ungdomskontakt og kulturavdelinga lage sosiale arrangement som vil stimulera til nye aktivitetar.	Auke brukstimar i hallen frå gjennomsnittleg 19 timer pr veke per okt 2014 til 21 timer pr veke per okt 2015 (eks juli/aug). Auke brukarar av styrkerommet frå gjennomsnittleg 80 brukarar pr mnd per okt 2014 til 85 brukarar pr mnd per okt 2015.

**Fagområde og oppgåver/satsingar i planperioden:**


- Rullering av kommuneplan og andre temaplanar i samsvar med vedtatt planstrategi, reguleringsplaner og byggesakshandsaming. Rullering av handlingsdel i trafikksikringsplan.
- Utvikling innan geodata lokalt og gjennom Nordhordland digitalt, digitalisering av planarkiv, ferdigstille adresseprosjektet: Arbeidet med å etablere gateadresser i kommunen er planlagt innafor ein fireårs-periode, dette er det lagt inn midlar til i investeringsbudsjettet.
- Samhandling om forvaltning og utvikling av landbruk, natur og miljø, næring, kultur og identitet/omdømme. Organisere og administrere gode og varierte kulturtilbod til innbyggjarane i Vaksdal Kommune. Tilbodet i Kulturskulen er hovudsakleg knytt til musikk og visuell kunst. Kultuskulen skal satse jordnært på grunnopplæring og på å vise seg fram i lokalmiljøet i form av konserter og liknande. Biblioteket fekk ikkje fritt ord midlar for 2015
- Ferdigstilling av kulturminneplan. Utarbeiding av temaplan for idrett, kultur og friluftsliv samt temaplan for landbruk. Rullering av handlingsdel i klimaplan. Delta på tverrfagleg arbeid om haldningsskapande arbeid innan trafikksikring. Vidareutvikle drift av Turbinen i samarbeid med aktuelle brukargrupper.



- Utarbeide naudsynt grunnlag for modell for utbygging av Stanghelle Vest og Tettaneset. Realisere andre utbyggingsplaner for nye bustader. Gjennomføre utbyggingsprosjekt innan VA-sektoren som vassverk på Vaksdal og avløpssanering Vaksdal samt naudsynt ørling av kommunale kaier og bruer. Fullføre investeringsprosjektet i Stamnes sentrum. Mobilutbygging i Eksingedalen og Toskedalen – Gammersvik i tråd med samarbeidsavtalen med Telenor.
- Få oversikt over arealbehov, tilstand og trøng framtidig vedlikehaldsbehov som grunnlag for utvikling av ein meir framtidsretta og effektiv bygningsmasse. fortsetje rehabiliteringsarbeid og arbeid med miljøretta helsevern i skulane, generell tilpassing av reinhaldstenester og vaktmestertenester til endringar i eigedomsmassen Retting av avvik på bygg for miljøretta helsevern for skulane etter tilsyn. Radonkontroll av alle skular og barnehagar vert gjennomført.
- Iverksetting av vedtak om brannog redningstenester. Sikre betre oppfølging for å gjennomføre lovpålagede tilsyn i brann. I framlegget for rådmann er det også lagt inn midlar til Nødnett som kjem i 2015. Ekstra sett med vernekledde på grunn av helsefare.
- Vedlikehald på kommunale vegar, leikeområde og parkar, idrettsplassar og gravplassar. Kartlegge trøng for investering- og vedlikehald av alle tenesteområder for kommunal infrastruktur som grunnlag for overordna prioriteringar innan 01.06.2015. Vegsikring blir prioritert i Hesjedalen, og Stavnes
- Vegvedlikehaldsarbeid og drift av vatn og avlaup systemet, Det vert prioritere lekkasjesøk på Vaksdal for å få ned forbruket innan nytt vassverk er på plass. Utbygging av nytt vassverk på Vaksdal er lagt inn i økonomiplanen. Forprosjekt for sanering av kommunale utslepp på Vaksdal er planlagt gjennomført i 2015.

I perioden 2010 – 2014 var det ein netto tilvekst på 2 900 m<sup>2</sup> med kommunal bygningsmasse, og per 15. oktober 2014 var samla bruksareal på kommunale 53 000 m<sup>2</sup>. Dei kommunale byggja har til dels stort etterslep på vedlikehald då driftsbudsjettet over tid har vore redusert til eit nivå der det ikkje er mogleg å gjennomføre eit vedlikehald som sikrar verdiane.

Kommunen har eit overskot på bygningsmasse gjennom bygg som ikkje er i bruk, bygg med dårlig arealeffektivitet samt unytta areal.




Med unntak av administrasjonslokale (og idrettsbygg låg Vaksdal kommune mellom landsgjennomsnitt og kommunegruppe 3 med omsyn til arealbruk per innbyggjar for dei ulike føremåla. For administrasjonslokale låg ein noko over gjennomsnittet for kommunegruppe 3, noko som er som forventa med omsyn på utviklinga i folketal. I 2014 vil ein som følgje av Turbinen komme opp på gjennomsnitt i kommunegruppe 3 for idrettsbygg.

Samfunnsutvikling forvaltar faste tilskot til lag og organisasjoner. For 2015 foreslår vi at ramma vert satt til 450 000 kroner, fordelt i tråd med nøkkelen fastsett i kommunestyret. Av andre nøkkeltal ser ein for ein del område i 2013 skilte seg klårt ut i høve til andre kommunar:

- låg vekst i folketal
- låg byggjeaktivitet
- høge utgifter til kulturskule utan at dette slår ut i tal elevar mellom 6-18 år
- høg del kommunale vegar med fast dekke
- liten satsing på nærmiljø, blant anna grøntanlegg
- høgre utgifter til brann- og ulykkesvern, fleire uthyrkingar og mangelfullt tilsyn
- ikkje tilfredsstillande kvalitet på vassforsyninga og tilnærma ingen fornying av leidningsnettet
- moderate/låge gebyr

#### Tiltak for å halde budsjettrama 2015:

- Samkjøring av vaktordningar og tilpassing av tenester til lovkrav vert gjennomført.
- Vintervedlikehald, Herfindalsvegen vert ikkje brøytt, Hellevegen frå Dalegarden til Hellestræ samt Dalseidflaten vert brøyta innanfor normal arbeidstid.
- Ingen reasfaltering av kommunale vegar.
- Avdelingsleiar for plan, kultur og forvaltning vert halde vakant til september medan ein gjennomfører prosessarbeid organisasjon.
- Vegsikring Hesjedalen og Stavenes vert ikkje ferdigstilt i 2015.
- Generelt vegvedlikehald og vegsikring vert redusert. Trafikkerte vegar vert prioritert
- Avhending av kommunale bygg som ikkje er i bruk.
- Prosess for reduksjon av ressursbruk kultur- og miljøarbeid



**Følgjande er budsjettert sentralt utanom resultateiningane i kommunen:**

Rådmann og stab, sentrale inntekter og utgifter og fellesutgifter:

- Reduksjon fellesposter og avsetjingar under sentrale poster/rådmann, men andre kostnader auker og inntekter frå konsesjonskraft vert redusert og medfører samla auke på sentral økonomi
- Stab reduserer 0,5 stilling og felleskostnader som porto og kopi/trykking, venter effektivisering pga nye verktøy. Det er omdisponert stilling innad i stab for å kunne styrke arbeid med sjukefråvær og HMT.
- Utgifter til lærling vil auke, vi vil ha ca 2,65 årsverk i 2015. Vi har no 9 lærliger, mot 8 i budsjett. I snitt utgjer læringar 2,5 årsverk.

Politisk del, kontrollutval og revisjon:

- Kommuneval 2015 er lagt inn med kr 300.000
- Ny struktur medfører svak auke
- Auke i revisjonskostnader

**Tilskot til andre:**

Drift av **Frivillighetssentral** er budsjettert med kr 635.000,- i brutt drift, dette vert delvis finansiert med statstilskot på kr 325.000,-

**Kyrkjeleg fellesråd** er budsjettert med ei overføring på kr 3.300.000,- noko som tilsvarer prisvekst gitt i Statsbudsjettet. Det er i tillegg budsjettert med fordelte utgifter til gravar m.m og fordelte fellesutgifter til eigedomsforvaltning knytt til drift av kyrkja.

**Næringselskapet** får overført samme sum som i 2014 – kr 1 mill – som vert dekkja av næringsfondet.

**AO-senteret** sitt tilskotsbeløp tilsvarer det NAV dekkjer. AO-senteret ligg under fellesområde helse og omsorg,

## Vedlegg 2. Kostra – Kommunebarometer

Alle kommunar er pålagt å føre rekneskapen etter KOSTRA-standard. KOSTRA (Kommune-STat RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon til kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde vert samanstilt for å gje relevant informasjon til beslutningstakrar, både lokalt og nasjonalt. Informasjon kan nyttast til analyse, planlegging og styring og til vurdering om mål vert oppnådd. KOSTRA gjer os mogelegheit til å samanlikna kommunen med andre kommunar og å sjå utvikling over tid.

### Finansielle nøkkeltal

Finansielle nøkkeltal	Vaksdal 2010	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	KG 03 2013	Hordaland 2013	Landet u/Oslo 2013
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,9	1,1	2,3	6,8	3,3	1,4	1,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,7	1,9	4,7	9,8	3,2	2,7	2,4
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	46,3	48,7	42,4	43,1	68,6	62	66,9
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	162,2	184,3	170,3	176,2	214,4	192,5	202
- herav Pensjonsforpliktelse i prosent av brutto driftsinntekter	102,3	124,2	116,4	120,3	128,6	110	115,1
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	80 439	83 563	86 424	89 262	96 524	66 137	69 033
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger	71 836	73 468	74 832	76 665	79 716	49 831	54 312
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger	51 978	56 487	60 465	63 265	65 451	49 988	50 784
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger	79 718	84 481	88 441	95 820	99 774	67 064	70 279
Netto driftsresultat i kroner per innbygger	2 190	1 609	4 167	9 395	3 206	1 814	1 673
Frie inntekter i kroner per innbygger	42 904	49 037	53 610	55 549	56 918	46 602	47 417
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	36 924	41 154	37 508	41 251	68 414	41 579	46 985
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger	81 520	104 911	102 978	115 274	128 272	73 778	80 907
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	29,1	26,3	29,4	25,5	14,7	4,7	14,7
Skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) i % av brutto driftsinntekter	27,1	23,5	23,7	23,1	23,2	38	33,8
Statlig rammeoverføring i % av brutto driftsinntekter	26,7	34,6	36,9	34,8	33,9	31,5	33,7
Eiendomsskatt i % av brutto driftsinntekter	9,2	8,8	8,6	8,9	8	3,2	2,8

Vaksdal kommune har generelt gode finansielle nøkkeltal

### Utgift pr innbyggjar

Netto driftsutgifter pr innbyggjar	Vaksdal 2010	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	KG03 2013	Hordaland 2013	Landet u/Oslo 2013
Per innbygger 1-5 år, barnehager		86 102	87 058	90 858	128 405	122 550	118 852
Per innbygger 6-15 år, grunnskolesektor (202, 215, 222, 223)	115 135	114 049	122 543	124 923	128 836	98 411	98 916
Per innbygger, kommunehelsetjenesten	3 016	3 508	3 550	3 635	3 795	2 019	2 160
Per innbygger, pleie- og omsorgstenesta	25 213	26 354	26 826	29 251	21 603	15 260	15 561
Per innbygger 20-66 år, sosialtjenesten	1 462	1 422	1 580	1 558	2 386	3 168	2 975
Per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4 444	4 564	4 769	4 843	9 474	6 898	7 194
Per innbygger, administrasjon og styring	5 874	6 248	6 220	6 529	7 752	3 652	4 036

Her peikar Vaksdal kommune seg ut ved å ha relativt låge utgifter til barnehager og relativt høgare utgifter innafor pleie- og omsorgstenesta, når vi samaliknar med KG03. Det er også lave utgifter knytt til barneverntenesta.

**Prioritering**

Netto driftsutgifter i % av totale netto driftsutgifter	Vaksdal 2010	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	KG 03 2013	Hordaland 2013	Landet u/Oslo 2013
Administrasjon og styring	11,3	11,1	10,3	10,3	11,8	7,3	7,9
Barnehage		9,4	9	8,3	10,5	15,8	14,3
Grunnskule	26,8	24,7	23,7	22,9	23,7	24,6	24,5
Helse og omsorg	54,3	52,9	52,9	52	40,2	36,6	36,9
Sosialteneste	1,3	0,7	0,6	1	3,2	5,2	4,9
Barnevern	1,9	1,8	1,7	1,6	3	3,1	3,2
Vann/avløp, renovasjon, avfall	-1	-1	-1,2	-0,3	-0,8	-0,5	-0,6
Fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø	0,9	0,6	0,8	0,7	1,4	1	1,1
Kultur	3,8	3,7	3,5	3,5	4,2	3,7	3,8
Kyrkje	1,6	1,6	1,8	1,7	1,6	1,2	1,2
Samferdsel	2,8	2,9	2,8	2,6	2,8	1,2	1,7
Bolig	-0,5	-0,2	-0,6	-0,6	0,1	0	0
Næring	-5,9	-7,1	-6,8	-4,3	-4	-0,5	-0,2
Brann og ulykkesvern	2,6	2,4	1,9	2,1	1,5	1,4	1,4

Prioriteringane viser korleis ressursbruken er fordelt til ulike formål pr innbyggjar. Denne viser mykje same bilet som «Utgift pr. innbyggjar».

**Dekningsgrader**

Dekningsgrad	Vaksdal 2010	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	KG03 2013	Hordaland 2013	Landet u/Oslo 2013
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	83,3	82,3	82,9	82	90,6	90,8	90,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	19,4	17,2	16,7	17,4	10,8	8,1	8,4
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,6	9,7	10,8	10,7	14,4	9,6	10,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,6	8,7	8,7	8,7	11,2	8,6	8,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	8,7	8,7	8,7	8,7	6,4	4,2	4,5
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	93	93,7	93,7
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	16,8	16,3	16,2	13,9	15,9	14,6	13,5
Andelen sosialhjelplsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	4	4	3,6	4	:	:	3,8
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	6,2	5,9	5,9	4,6	6,4	:	4,8
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	32	32	34	27	30	19	21
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	16	15	14	13	25	15	20
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	101	111	131	105	96	65	72
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	375	387	379	427	410	331	339

Dekningsgraden viser kor stor del av målgruppene som får denne teneste, og korleis kommunen er dekka innefor ulike tenester.

## Produktivitet

Produktivitet viser kostnad pr eining, og viser kor effektivt kommunen driv sine tenester.

Produktivitet/enhetskostnader	Vaksdal 2010	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	KG03 2013	Hordaland 2013	Landet u/Oslo 2013
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	112 630	123 284	121 637	132 225	167 956	175 456	162 216
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	122 135	119 003	121 540	127 244	131 566	102 150	100 288
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn	10,6	10,8	11,1	12,6	9,9	13,7	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn	9,9	9,5	9,5	9,3	9,6	13,4	12,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	12,5	13,9	12,3	13,4	11,6	14,9	14,3
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester	363 548	376 609	373 274	382 106	365 387	383 437	367 060
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	210 680	195 786	199 263	205 748	206 724	234 631	222 601
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	824 514	945 557	898 027	914 662	1 023 077	950 011	967 230
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	2 777	2 778	2 778	2 778	3 608	3 661	3 210
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 036	2 036	2 036	2 239	3 667	3 170	3 563
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	1 565	1 768	1 840	1 520	2 887	2 369	2 593
Årsgebyr for feiling og tilsyn (gjelder rapporteringsåret +1)	346	346	358	370	425	392	397
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner (kalenderdager)	150	90	..	..	..	..	..
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, opprettelse av grunneiendom(kalenderdager)	308	231	68	..	..	..	..
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	74 690	80 494	86 057	83 000	84 948	151 443	120 936
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	4 787	5 969	7 706	8 017	4 517	2 207	2 304
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	24 721	27 130	30 985	41 699	17 560	17 136	16 044
Netto driftsutgifter til Kyrkje/gravplassar pr. innbygger i kroner	835	893	1 034	1 038	985	574	554
Netto driftsutgifter brann- og ulykkesvern, per innbyggjar	1 366	1 354	1 133	1 300	1 006	686	700


Kommunebarometeret er utarbeidd av Kommunal Rapport. Hensikten er å gje eit oversiktlig bilet av korleis kommunens nøkkeltal er i forhold til resten av landet. Kommunebarometeret kan brukast som rettleiar til kva område det kan vere verd å sjå nærra på. Kommunebarometeret er ei rangering, ikkje ei vurdering om tenesta er god eller dårlig. Alle data er henta ut frå offentlege registre for det meste KOSTRA.

Samla er Vaksdal kommune vurdert som nr 394 i 2014. Vaksdal kommune har følgjande plassering innafor kvar sektor:


	Vekt (%)	2010	2011	2012	2013	2014
Grunnskole	20	314	325	243	267	332
Eldreomsorg	20	211	180	222	160	142
Barnevern	10	228	330	385	342	386
Barnehage	10	293	375	257	354	335
Helse	7,5	245	345	362	341	271
Sosial	5	199	224	189	148	51
Kultur	2,5	244	226	220	265	222
Økonomi	10	206	62	113	55	52
Enhetskostnader	5	257	60	40	75	23
Nærmiljø og klima	2,5	364	362	324	289	
Saksbehandling	2,5	200	391	319	54	
Vann, avløp og renovasjon	2,5	265	220	295	326	232
Brukerperspektiv	2,5	105	160	285	295	296

## Vedlegg 3: Folketalsutvikling


Aldersamansetjing 2005 -2014 (historisk)




Historiske tal og alternative prognosar fram mot 2030:



Prognosar barn 1-5 år:




6-15 år



Prognosar barn 6 – 15:

Prognosar personar 67+

67 +



## Inntektsutjevning 2015

